

Parallelspråksbruk i praksis

Om behovet for eit norsk forskingsspråk i høgare utdanning og korleis ein kan sikre det

Jorunn Simonsen Thingnes

© Jorunn Simonsen Thingnes

2016

Parallellspråksbruk i praksis: Om behovet for eit norsk forskingsspråk i høgare utdanning og korleis ein kan sikre det

Jorunn Simonsen Thingnes

Samlaget

Skuleboknemndi åt Studentmållet i Oslo

Innhald

Samandrag	5
1 Innleiing	6
Trenge vi eit norsk fagspråk?	6
Rapporten	7
Fagspråk, forskingsspråk og vitskapsspråk	8
2 Språkpolitikken	9
Frykta for domenetap	9
Parallellspråklegheit	10
3 Oppfølging av politikken	13
Universitets- og høgskulerådet tek ansvar?	13
Sektorovergripande?	15
Meir publisering på engelsk	15
Parallellspråksbruk	16
4 Nynorsk	17
5 Mellom kultur og kunnskap	20
6 Parallellspråkleg forskning	21
Parallellspråkleg forskingspublisering	21
Skal artikkelsamlinga innehalde artiklar frå både norske og utanlandske forskarar?	22
Kven er målgruppa for artikkelsamlinga?	24
Kven skal eige og drive prosjektet?	25
Korleis får ein midlar?	28
Fagområde	30
Utveljing av artiklar	32
Nynorsk og bokmål	33
Omsetting og godt språk	34
Digitalt / på papir og distribusjon	35
7 Argumentasjon	37
Språkargumentet	37
Demokratiargumentet	37
Nynorskargumentet	37
Andre argument	38
8 Eit prøveprosjekt	41

Artikkelutval	41
Digitalt eller på papir?	43
Drifting og økonomi	43
Neste steg	45
9 Økonomi	47
10 Konklusjon	51
11 Personar og organ som har uttalt seg	54
12 Refleksjonar ved enda arbeid	55
<i>Mål og meining i 2015</i>	56
Litteraturliste	58
Om Jorunn Simonsen Thingnes	61

Samandrag

Det er statleg vedteken politikk at norsk skal vere eit levande fagspråk, det norske fagspråket vert stadig utfordra. Det er brei semje om at noko må gjerast for å betre situasjonen, men spørsmålet er korleis ein kan gå fram. I Stortingsmelding. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. vert parallellspråklegheit presentert som løysinga, men omgrepet er ikkje konkretisert, og det har vist seg å vanskeleg i setje parallellspråklegheita ut i praksis.

I denne rapporten vert det drøfta kva ein kan gjere for å sikre eit norsk fag- og forskingsspråk og på den måten følgje norsk språkpolitikk. Innleiingsvis vert språkpolitikken nærare presentert, og ein studerer korleis han fungerer i praksis. Vidare vert det drøfta om artikkelsamlingar med fagartiklar i norsk omsetjing kan vere eit tiltak som kan medverke til at ein når målet om å styrkje norsk fag- og forskingsspråk. Artikkane skal vere omsette frå engelsk til norsk, og dei skal bli samla og gjort tilgjengelege gjennom artikkelsamlingar.

Konklusjonen er at artikkelsamlingar med fagartiklar i norsk omsetjing er ein god idé. Samlingane er eit godt tiltak som saman med fleire andre, kan ha stor nytteverdi. Dei er eit konkret døme på parallellspråklegheit, og dei er soleis i tråd med løysingane som vert presenterte i *Mål og meining*. Fordelen med samlingane er mange. Norsk fagspråk vert teke i bruk og gjort tilgjengeleg for studentar og andre, og språket vert brukt til å formidle norsk forskning slik at samfunnsansvaret til universiteta vert oppfylt og demokratiet styrkt.

1 Innleiing

I 2008 la regjeringa fram Stortingsmelding. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Bakgrunnen for meldinga var at ein såg eit behov for ein "strategisk helhetlig språkpolitikk" (Johansen 2012) og for å slå fast at norsk er og skal vere hovudspråket i Noreg. Ein frykta at engelsk skulle verte einerådande på nokre viktige samfunnsdomene. Styresmaktene ville difor legge fram ein politikk som skulle sikre norsk språk for framtida. Engelskpåverknaden er særleg stor i høgare utdanning og forskning. På dette domenet vert norsk språk stadig utfordra av engelsk, og det vart difor slått fast at det er viktig å sikre eit norsk fagspråk.

Treng vi eit norsk fagspråk?

Utgangspunktet for denne rapporten er at det er eit mål å auke bruken av norsk språk i høgare utdanning og forskning. Det er viktig både fordi ein treng fagspråket isolert sett, og fordi fagspråket er viktig for å sikre det norske språket på sikt. Argumentasjonen for fagspråket isolert byggjer på språket som verktøy for tanken. Når ein arbeider med eit fag, uansett kva fag, gjer ein dette på og med eit språk. I *Mål og meining* vert det peika på at eit norsk fagspråk er viktig for fagforståing (St.meld. 35: 2008: 103). Om ein kan lese og skrive fagleg på norsk, vil det styrkje utviklinga av faglege idear og god fagleg forståing. Det er også lettare å få tilgang til det faglege innhaldet når språket er eins eige, noko som er relevant når ein diskuterer kva språk studentar skal lese fagstoff på. I kva grad ein meistarar språket ein nyttar, påverkar prestasjonen. Også professor i retorikk og språkleg kommunikasjon, Kjell Lars Berge, løftar fram fagleg forståing som ein viktig årsak til at ein må ha eit norsk fagspråk. Han peikar på at ein må bruke faglege omgrep som ein verkeleg forstår, ikkje berre nytte engelske omgrep som ein ikkje har omsett til norsk (Gjerpe 2012). I Noreg er ein generelt gode i engelsk, men ikkje så gode som ein er i norsk. Difor går prestasjonane våre ned når vi arbeider og tenkjer på engelsk (St.meld. 35 2008: 94). Det kan igjen påverke produktivitet. At engelsk er dominerande på eit fagfelt, gjer også at det ikkje vert utvikla norske fagtermar på dette feltet. Det gjeld særleg felt der utviklinga går fort, som innan teknologi og informatikk. Mangel på termar gjer det vanskeleg å tenkje fag på norsk, men også å snakke med norske fagfellar eller andre om eige fag (St.meld. 35 2008: 94). Det er unaturleg at ein i situasjonar der alle meistarar norsk skal snakke engelsk, men nettopp det kan vere konsekvensen. Utan eit norsk fagspråk vert det også vanskelegare å kommunisere på tvers av faggrenser sidan det engelske fagspråket er utilgjengeleg for den som ikkje kjenner det. Å drive folkeopplysning og populærvitenskap på norsk vert vanskeleg når ein ikkje har eit norsk språk å jobbe ut frå. Over tid kan det svekkje demokratiet.

Eit norsk fagspråk er også viktig for å sikre norsk språk generelt. Dersom eit verkeområde for eit språk krympar, vil den negative utviklinga halde fram og bli vanskeleg å snu, noko som på lang sikt vil ha alvorlege konsekvensar for språket (Språkrådet 2005. I: St.meld. 35 2008: 91). Ein må difor gjere ein innsats for å sikre alle domene no, slik at utviklinga kan stogkast, og ein i framtida ikkje står att med eit svekka norsk språk. Ein må både byggje vernebuing og sikre ein fullverdig bruk av språket på kort sikt (St.meld. 35 2008: 92). Dette tilseier at ein må sikre det norske fagspråket for å sikre norsk språk. Men kvifor treng ein egentleg eit norsk språk?

Språk er kultur og har dimes ein verdi i seg sjølv (St.meld. 35 2008: 89). I tillegg er språket viktig fordi det har ein kognitiv funksjon og fordi det er nært knytt til identitet. Som identitetsmarkør og kommunikasjonsmiddel er det også med på å binde folk og samfunnet saman (St.meld. 35 2008: 93). Ein må løfte blikket når ein diskuterer språk, og sjå på det språklege mangfaldet i verda og norsk språk sin plass i det. Eit mangfald av språk er viktig for å gje perspektiv og motverke einsretting (St.meld. 35 2008: 90).

I *Mål og meining* (St.meld. 35 2008: 89–95) vert også nokre av argumenta mot å ha eit norsk språk lufta. Bak argumentasjonen ligg dei store omgrepa globalisering og internasjonalisering. At dette er viktige faktorar, vil også bli tydeleg seinare i rapporten. Argumentasjonen byggjer på det praktiske og kor enkelt det ville vore om alle brukte engelsk. Det ville letta kommunikasjonen mellom folk og statar, noko nokre hevdar at nasjonalspråka i dag er til hinder for. Om alle hadde snakka det same språket, ville ein spart pengar. Det ville også kanskje vore mindre konflikhtar i verda. Argumenta er sterke, men veg dei tyngre enn argumenta presenterte tidlegare? Argumenta for eit norsk språk og fagspråk her heime og eit språkleg mangfald der ute er sterke. Dei bryt heller ikkje med ønsket om at alle skal meistre engelsk. Ein treng gode dugleikar i andre språk enn morsmålet, men at ein skal vere flinke i engelsk, treng ikkje kome i konflikt med at norsk skal vere hovudspråket.

Oppsummert kan ein seie at ein treng eit norsk fagspråk for å sikre norsk på sikt, og at eit norsk språk er viktig for kultur, mangfald, samkjensle og identitet. Ein treng også gode engelskdugleikar, men det treng ikkje vere i konflikt med ønsket om eit norsk fagspråk.

Rapporten

Ønsket om eit norsk fagspråk er fullt av gode intensjonar, men desse har lite føre seg dersom ein ikkje har gode tiltak som kan føre ein til målet. I denne rapporten vert det difor drøfta kva ein kan gjere for å sikre eit norsk fag- og forskingsspråk og på den måten følgje norsk språkpolitikk på forskingsfeltet. Innleiingsvis vert språkpolitikk på feltet nærare presentert, og ein studerer korleis

denne politikken fungerer i praksis. Vidare vert det drøfta om artikkelsamlingar med fagartiklar i norsk omsetjing kan vere eit tiltak som kan medverke til at ein når måla. Norske forskarar publiserer forskinga si på engelsk. Ho er dimed lite tilgjengeleg, og det norske fagspråket vert ikkje brukt for å formidle ho, og det vert soleis heller ikkje halde ved like. Ein vil difor omsette norsk forskning frå engelsk til norsk og gjere ho tilgjengeleg gjennom artikkelsamlingar. Mange sentrale røyster har kome med innspel til rapporten, og desse har vore med på å forme samlingane som tiltak. Målet er at norsk forskingsspråk skal styrkast, og vonleg er denne rapporten nyttig i arbeidet fram mot dette målet.

Fagspråk, forskingsspråk og vitskapsspråk

Over vart det drøfta om ein treng eit norsk fagspråk. Nemninga "fagspråk" vart brukt fordi det er behovet for nettopp "fagspråk" som er drøfta i *Mål og mening*. I stortingsmeldinga vert nemninga brukt heile 121 gonger. Til samanlikning vert "vitskapsspråk" brukt 4 gonger og "forskingsspråk" 3 gonger. Dei ulike nemningane vert ikkje definerte, men det står at "Det vi tenkjer på som fagspråk, er kanskje først og fremst vitskapsspråket ...". (St.meld. 35 2008: 100). Likevel er det "fagspråk" som vert nytta mest i stortingsmeldinga. "Fagspråk" er den einaste av dei tre nemningane som er definerte i nynorskordboka: "(spesielt og ofte teknisk prega) språk med uttrykk og nemningar som blir nytta innanfor eit fagområde" (Nynorskordboka 2015). Denne definsjonen kan nok høve på dei to andre termene også. Det er glidande overgangar mellom dei, og det kjem også fram når utfordringa med engelsk vert drøfta: "Først og fremst representerer det engelske språkets dominerande posisjon som internasjonalt vitskapsspråk ei utfordring for norsk fagspråk" (St.meld. 35 2008: 121). Her er det eit vitskapsspråk som utfordrar eit fagspråk.

Denne rapporten tek føre seg fagspråket generelt og forskingsspråket meir spesielt, og begge dei to nemningane vert difor nytta. I *Mål og mening* vert "forskingsspråk" primært nytta når det er snakk om forskingspublisering. Det same vert gjort her, men skiljet mellom dei er ikkje bastant.

Arbeidet med rapporten er finansiert av Det Norsk Samlaget og Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo.

Prosjektansvarleg

Jorunn Simonsen Thingnes

19. desember 2015

2 Språkpolitikken

Til grunn for heile dette prosjektet ligg språkpolitikken som er gjeldande i dag, og då særleg den delen av han som omhandlar norsk i høgare utdanning og norsk som fag- og forskingsspråk. Det mest sentrale dokumentet er St.meld. 35 *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* frå 2008¹. Målet med språkpolitikken vert definert slik: "... å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsbærande språk i Noreg" (St.meld. 35 2008: 14). Det byggjer på ei redsle for at engelsk tek meir og meir over for norsk på visse område og på eit behov for å slå fast at norsk er hovudspråket i Noreg. Meldinga legg vekt på at språkpolitikken skal vere sektorovergripande (St.meld 35 2008: 24). Det overordna målet vert utdjupa i to punkt:

Med omgrepet *samfunnsberande språk* er meint eit overordna fellesspråk som i eit moderne, fleirkulturelt samfunn blir brukt til administrasjon og samfunnsdebatt, som held storsamfunnet saman og gjev det identitet, samstundes som det også gjev gode leve- og utviklingsvilkår for alle dei språklege delkulturane som finst i samfunnet.

At språket er *komplett* eller *fullverdig*, betyr at det i tillegg har slik status at det kan brukast i alle samanhengar, og at det har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle språklege bruksområde og i alle språklege bruksfunksjonar.

Politikken skal, som det går fram av utdraga, gjelde alle samfunnsområde. Som følgje av meldinga fekk Språkrådet difor utvida sitt mandat "... slik at det nå skal arbeide for å gjennomføre en mer helhetlig språkpolitikk innenfor større samfunnsområder enn før." (Johansen 2012: 3). Blant samfunnsområda er høgare utdanning, emnet for denne rapporten. At norsk skal vere eit språk for høgare utdanning og forskning, ser ein i det overordna målet presentert i *Mål og mening*. I tillegg vert emnet direkte handsama i delkapitla "Terminologi og fagspråk" og "Språkbruk innanfor høgare utdanning og forskning".

Frykta for domenetap

Bak meldinga låg som nemnt ei bekymring for at norsk i større og større grad konkurrerer med engelsk, særleg i høgare utdanning og forskning. I *Mål og mening* vert utfordringa ein står overfor skildra slik:

[...] korleis vi skal handtere tilhøvet mellom engelsk og norsk når globalisering og vitskapleg merittering dreg i retning av engelsk, samstundes som vi ønskjer å verna nasjonalspråket mot domenetap og sikra at vi framleis kan ha ei fagleg og terminologisk utvikling på vårt eige språk (St.meld. 35 2008: 110).

¹ For ei drøfting av kva status *Mål og mening* har i 2015, sjå side 56.

Omgrepet "domenetap" er sentralt. Det inneber det at ein på eit område, til dømes forskingsfeltet, går over til å berre nytte eit anna språk, her engelsk. I stortingsmeldinga vert det slått fast at engelsk er kome for å bli, og at bruken av språket er sjølvstekt. Samstundes skal ikkje engelsk konkurrere ut norsk. Målet med politikken er altså å motverke domenetap, og faren for domenetap er særleg stor i høgare utdanning. Det er difor strategisk viktigast å tryggja stillinga til norsk her (St.meld. 35 2008: 109). Engelsk skal ha ein sentral plass, men ein må "unngå ureflektert og automatisk bruk av engelsk, og at den positive symbolfunksjonen som engelsk nyt godt av, gjer sitt til å fortreggja bruk av norsk også når dette er det mest naturlege og tenelege språkvalet" (St.meld. 35 2008: 121). Her er det ein fin balanse, og han fører oss over på omgrepet parallellspråklegheit. Omgrepet er sentralt i *Mål og meining*, og sidan det gjennomsyrrar språkpolitikken i høgare utdanning, vert det grundig omtala under.

Parallellspråklegheit

I *Mål og meining* (St.meld. 35 2008: 98) står det at svaret på den negative utviklinga i retning domenetap er parallellspråksbruk. Dette vert definert som "samtidig bruk av fleire språk innanfor eitt eller fleire område, på ein slik måte at det eine språket ikkje slår ut og erstattar det andre". Språk skal bli brukte samstundes, og i vår diskurs er det engelsk og norsk som skal leve side om side. Også dei andre nordiske landa har parallellspråklegheit² som løysinga på utfordringane ein står overfor, og omgrepet er sentralt i rapporten *Hvor parallelt? Om parallellspråklegheit på Nordens universitet* (2014). Her vert det hevda at essensen av omrepet er at innføringa av meir og meir engelsk ikkje skal gå ut over andre språk, men heller ikkje at ei styrking av nasjonalspråket skal gå ut over bruken av engelsk (2014: 90). Det vil seie at både norsk og engelsk skal ha gode levevilkår, og at det er mogleg at båe språka kan verke samstundes utan at det eine språket tapar som konsekvens av ein slik sameksistens. Språka kan verke saman på ulike måtar, og seinare i rapporten skal ein sjå at organisering av sameksistensen byr på utfordringar. Parallellspråklegheit kan ta ulike former. I *Hvor parallelt?* (2014: 20) vert det hevda at klok parallellspråksbruk er kjenneteikna av at han klarer å utnytte språklege ressursar medvite til å oppnå forskings- og utdanningspolitiske mål som er fastsette.

Mål og meining løftar fram ein parallellspråksbruk som er mindre språkleg nøytral enn den ein til no har sett på. Ifølgje norsk språkpolitikk skal ikkje norsk og engelsk vere likestilt som parallellspråk, ein skal snarare ha ein "... parallellspråksbruk med preferansar for norsk" (St.meld. 35 2008: 99). Det vil seie at norsk skal føretrekkast når det ikkje er naudsynt å bruke engelsk. Dette må ein

² Gjennom heile rapporten vert omgrepa "parallellspråksbruk" og "parallellspråklegheit" brukte om kvarandre om same fenomen.

sjå i samband med det overordna målet i *Mål og mening* om at norsk skal vere "hovudspråk i Noreg".

Parallellspråklegheit med preferansar byr på utfordringar som ikkje vert omtala i stortingsmeldinga, men som vert drøfta i *Hvor parallelt?*. I rapporten er ein kritiske både til omgrepet parallellspråklegheit og til korleis ein set parallellspråkbruk ut i praksis. Det vert mellom anna hevda at det i omgrepet ikkje ligg nokon klår instruks til kva språk som skal bli brukt til kva (2014: 30). Det er særleg relevant når det i stortingsmeldinga er slått fast at norsk skal foretrekkast, men at "... engelsk kan nyttast i staden for norsk når det er nødvendig eller formålsteneleg." (St.meld. 35 2008: 99). I den norske landrapporten i *Hvor parallelt?*, som tek opp internasjonalisering og parallellspråklegheit i høgare utdanning i Noreg, vert dette problematisert. Her vert det hevda at det i dag i lita grad er avklart og konkretisert når og i kva grad ein skal bruke dei ulike språka (Gregerson 2014: 210). Språkpolitikken slår fast at norsk er hovudspråket, og at det skal bli brukt i størst mogleg grad, men samstundes opnar ein i praksis opp for fri bruk av engelsk. I landrapporten etterlyser ein at parallellspråksbruken vert overvåka (Gregerson 2014: 210). Ein vil også ha retningslinjer slik at parallellspråksbruken kan bli regulert, men sidan retningslinjene må vere tilpassa den enkelte utdanningsinstitusjonen, fakultetet og fagfeltet, er det vanskeleg å lage dei konkrete nok. Utfordringa er å sette ein vag definisjon om til ein fast praksis (Gregerson 2014: 201). Thøgersen (2010) hevdar at det nettopp er det at ein kan fylle omgrepet parallellspråklegheit med kva ein vil, som gjer omgrepet til ein suksess. Når ein nærast sjølv kan fylle det med den grada av engelsk ein vil, kan fleire støtte opp om omgrepet. Det er likevel ikkje berre positivt. I Danmark har ein brukt omgrepet både med mål om å sikre dansk som "komplet funksjonsdueligt sprog", men også for å sikre engelsk (Thøgersen 2010). Det syner at det er problematisk, særleg om målet er å sikre nasjonalspråket, og at ein treng konkretisering slik det vert etterlyst i landrapporten.

Avslutningsvis bør ein seie noko om parallellspråklegheit og ressursbruk. Kor mykje ressursar krev det å ivareta fleire språk samstundes? I *Hvor parallelt?* vert det hevda at språkpolitikk medfører utgifter, men at utgiftene skal kunne forsvarast ut får gagnet dei gjer (Gregerson 2014: 33). Arbeid med parallellspråksbruk er ikkje dobbetarbeid sidan det fleirspråklege har ein eigenverdi. Davidsen-Nielsen (2002) viser at å ikkje bruke ressursar på parallellspråklegheit er verre: "Til dem som måtte mene at en sådan dobbeltstrategi er for resursekrevænde, vil jeg sige at alternativene – at satse på enten engelsk eller dansk – er langt mere problematiske." Her peikar han på at parallellspråksbruk handlar om mykje meir enn pengar, og at ein må måle og vege i meir enn økonomiske utgifter. Til slutt kan ein oppsummere både det positive med og utfordringane med parallellspråklegheit ved å sitere Thøgersen (2010): "Parallelsproglighed? Det lyder som en god idé. Det gør du bare ... hvis

du ikke har andet at lave."

3 Oppfølging av språkpolitikken

Utfordringane med parallellspråkbruk fører oss over på korleis det står til med språkpolitikken i dag. Over er mål og dels middel oppsummerte, men kva har eigentleg skjedd etter at desse vart presenterte i *Mål og mening*? Og korleis står det til med norsk forskingsspråk i 2015? For å svare på dette kan ein mellom anna sjå til den allereie nemnde landrapporten i *Hvor parallelt?* og til *Språkmeldingen som handlingsplan: Retorikk og resultater* (2012). Sistnemnde er ein analyse av *Mål og mening*, skriven av Anders Johansen og analysert med vekt på forholdet mellom språkpolitikken og universitetspolitikken. Eg vil vise til desse to for tal på detaljnivå.

Universitets- og høgskulerådet tek ansvar?

Mål og mening presenterer ei rekkje tiltak for å styrkje norsk fag- og forskingsspråk. Eitt av desse er å få lovfest at universitet og høgskular har eit ansvar for norsk fagspråk (St.meld. 35 2008: 124). Dette vart følgt opp, og i 2009 kom det eit lovtilllegg i Universitets- og høgskulelova. I tillegget (§ 1–7) står det at "Universiteter og høgskolar har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk." (Lovdata 2015). Det var viktig å få dette inn i lovverket. Samstundes kan ein også sjå på det som ei slags ansvarsfråskrivning frå staten si side gjennom at dei legg ansvaret over på utdanningsinstitusjonane og dimed tar mindre ansvar sjølve. To år før lovtillegget kom, og før *Mål og mening*, hadde Universitets- og høgskulerådet (UHR) vedteke ein språkpolitisk plattform. I han står det mellom anna at "Institusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallellspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk." (UHR 2015) Fleire ulike utdanningsinstitusjonar har seinare vedteke eigne språkplanar, og desse har mykje til felles med UHR sin plattform (2014: 201). Mellom anna nyttar mange om lag same formulering som UHR når det gjeld kva språk ein skal nytte: "Engelsk eller andre språk kan brukes i de sammenhenger der det er faglig hensiktsmessig og/eller nødvendig." (UHR 2015) Denne formuleringa minner om formuleringane i *Mål og mening*, og utfordringane med å sette politikken ut i praksis er dimed dei same her. Korleis kan ein vege bruken av språka når formuleringane er så vage og det manglar retningsliner? Det er også mykje som tilseier at mange ikkje kjenner planane som er vedtekne ved arbeidsstaden sin. Ifølgje Grepstad (2015: kap. 10) gjeld dette tre av fire vitenskapleg tilsette ved høgare utdanningsinstitusjonar. Då hjelper det lite å ha planar, sjølv kor gode dei måtte vere.

UHR og utdanningsinstitusjonane har altså teke på seg eit formelt ansvar, og det har blitt laga planar for språkbruk. Men kva praktisk effekt har dette hatt? Ifølgje den norske landrapporten i *Hvor parallelt?* har det hatt lite å seie utover det reint symbolske. Lovendringa har berre i noko grad blitt

følgt, og utdanningsinstitusjonane sine egne planar er i stor grad berre vedtak på papiret. I rapporten vert det peika på at overordna dokument ved dei enkelte utdanningsinstitusjonane ikkje omhandlar språk. Det er alvorleg sidan det er desse dokumenta som har størst tyngde og som er retningsgjevande. Ei anna utfordring er internasjonaliseringsstrategiane som har kome sterkt dei siste åra. Internasjonalisering inneber mellom anna å auke bruken av engelsk i utdanning og forskning. Det er i konflikt med språkplanane. I landrapporten vert det hevda at ansvaret for det språkpolitiske no ligg på dei enkelte fagmiljøa, utan at det finst pålegg forankra i vedtak på høgare nivå (Gregerson 2014: 208). Vala ein gjer vert dimed pragmatiske, og føringar om internasjonalisering har truleg større påverknadskraft enn språkplanar som ikkje er integrerte i den overordna strategien. Det er difor behov for å integrere språkpolitikken, og lukkast ein, vil ein tene på det (Gregerson 2014: 33): "Det er vores faste overbevisning at alle vil tjene på at integrere sprogpolitikken langt bedre i universiteternes daglige praksis." Men dit er ein ikkje komme i dag.

I *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet*. (2012) vert det sett alvorleg på situasjonen slik han er:

Språkpolitiske retningslinjer som vert vedtekne ved dei enkelte lærestadene, ser ut til å verta nedprioriterte eller forsvinne heilt i dei sentrale strategidokumenta til dei same institusjonane. Heilt i strid med ambisjonane i *Mål og mening* aukar truleg omfanget av undervisning på engelsk endå meir enn før. Stillinga for norskspråklege fagbøker og lærebøker ser ut til å verta svekt. (Språkrådet 2012: 23)

Ifølgje Grepstad har kva institusjonane sjølve gjer med språkpolitikken sin, stor verknad både på dei sjølve og på samfunnet. Ulike prioriteringar får ulikt resultat, og ei interessekonflikt vert synleg:

Prioriterer dei internasjonalisering, går det ut over arbeidet med fagterminologi på nynorsk og bokmål, men over tid kan dei skåre høgare på dei indeksane som er viktige for dei. Prioriterer dei det samfunnsansvaret dei meiner det er å fremje norsk språk, gir det lite anna utteljing enn velvilje frå dei miljøa som ønskjer å fremje nynorsk og bokmål som to samfunnsberande språk. (Grepstad 2015: kap. 10)

Når ein ser på stoda slik ho er i dag, er det tydeleg kva utdanningsinstitusjonane meiner at veg tyngst. Samstundes er det ikkje slik at institusjonane står heilt fritt til å prioritere. I praksis er det formelle insentivordningar som avgjer kva som vert prioritert. Mange av ordningane løner studiepoeng og publisering i internasjonale tidsskrift. Det ligg inga påskjøning for produksjon av lærebøker eller til formidling. Det er på sistnemnde arenaer ein lettast kunne arbeidd med terminologi, men utan insentivordningar som løner slikt arbeid, vert oppgåvene forsømde. Ei av dei insentivordningane som har mest å seie, er det såkalla tellekantsystemet. Det er eit system der publisering i visse tidsskrift gjev poeng. Talet på poeng påverkar kor mykje pengar dei ulike

utdanningsinstitusjonane får og, ein meir uheldig konsekvens, korleis den enkelte forskaren hevdar seg i konkurranse med andre forskarar. Nokre hevdar at denne ordninga fører til auka publisering på engelsk, men det er ikkje direkte bevist (sjå m.a. Gregerson 2014: 211). Det er altså mogleg at tellekantsystemet påverkar forskarar til å skrive på engelsk, noko som i lita grad vert problematisert i *Mål og mening*. Tellekantsystemet legg eit publiseringspress på forskarane. Det gjer det vanskeleg for dei å prioritere arbeid som ikkje gjev utteljing i poengsystemet, mellom anna formidling på norsk og lærebokskrivning. Johansen (2012: 70) hevdar at "Tellekantsystemet er blitt kritisert for å svekke forskningens samfunnskontakt". Om tellekantsystemet har ein slik funksjon, er det problematisk sidan kontakt med samfunnet er ein viktig del av universitet- og høgskular sitt ansvar.

Sektorovergripande?

For at ein skal lukkast med språkpolitikken, må ein ta omsyn til han på andre politiske felt. Det er difor ein ambisjon i *Mål og mening* at språkpolitikken skal vere sektorovergripande. Men har ein lukkast med denne ambisjonen? Ikkje ifølgje *Språkmeldingen som handlingsplan* (2012). I rapporten vert det peika på at språkpolitikken ikkje har den forkjørsretten han skal ha, dels grunna formuleringar som svekker målet om å vere sektorovergripande. Døme på slike formuleringar er "i større grad enn i dag" og "der dette er relevant" (Johansen 2012: 14). Dersom politikken ikkje er sektorovergripande slik tanken er i *Mål og mening*, er det vanskeleg å få gjennomslag for han. I *Hvor parallelt?* treff ein spikaren på hovudet med påstanden om at det ikkje er bruk for meir språkpolitikk, men at språkpolitikken må bli integrert i annan politikk. At språkpolitikk ikkje er sentralt i universitetssektoren, er *Tilstandsrapport: Høyere utdanning 2015* (2015) eit døme på. I han kan ein lese om publiseringstal og internasjonalisering, men det står ingenting om publisering på engelsk vs. norsk. Det kan ein sjå på som eit døme på at språkpolitikken ikkje er sektorovergripande, og at språk ikkje vert sett på som sentralt når det er anna som vert diskutert. Her er ein ved kjernen i utfordringane til språkpolitikken: Han vert av mange sett på som rein kulturpolitikk. Det påverkar nedslagsfeltet han har, og korleis han vert sett ut i livet. Ei av utfordringane er kven som har ansvaret for han (sjå side 20).

Meir publisering på engelsk

Det er også interessant å sjå kva som har skjedd på publiseringsfronten dei siste åra. Er det engelsk eller norsk som vinn fram som publiseringsspråk? I *Språkstatus 2012* er det tal på dette, og desse syner at norsk som publiseringsspråk har blitt svekt i høve engelsk. Meritterande publiseringa på norsk har auka, men mindre enn tilsvarende publisering på engelsk. Det relative prosenttalet har gått frå 36 til 30 prosent i perioden 2005–2009 (Språkrådet 2012: 25). For humaniora har ein nyare tal, og desse syner ein nedgang frå 55 prosent i 2007/2008 til 52 prosent i 2011. For samfunnsvitenskap

var dei tilsvarende tala 54 til 49 prosent. Prosentala er lægre, men meir stabile for medisin og helse (17), teknologiske fag (5) og naturvitskap (3). Desse tala er frå 2009 (Språkrådet 2012: 25). Om språket i doktorgradavhandlingar er statusen denne:

... 88,5 prosent av avhandlingane frå dei tre største universiteta var på engelsk [i 2007], mot 10,6 prosent på norsk og 0,9 prosent på andre språk (Ljosland 2008). Truleg er prosenttalet for engelsk vorte endå høgare sidan den gongen. (Språkrådet 2012: 25)

Ifølgje *Hvor parallelt?* (2014: 231) kan talet på doktorgrader publisert på norsk vere ein indikasjon på kva språkval forskarar vil gjere i framtida. Sidan prosentdelen norsk går ned, lovar det dårleg for norsk fagspråk som publiseringsspråk. Også på masternivå går prosentdelen norsk ned (2014: 235). Ut frå desse tala kan ein altså hevde at situasjonen for norsk som publiseringsspråk har blitt verre. Grepstad (2015: kap 10) hevdar at det "... berre [er] eit spørsmål om tid før meir enn halvparten av norske masterstudentar skriv avhandlingane sine på engelsk" dersom ein ikkje gjer noko med situasjonen. Ifølgje han verkar to mekanismar i same retning: manglande språkengasjement hjå språkbrukarane og eit fråvær av ein samla språkpolitikk for forskning og vitskap fører til at engelsk som publiseringsspråk fossar fram (2015: kap 10). Også Johansen (2012) hevdar at det er manglar i språkpolitikken. Ifølgje han vert det i *Mål og mening* ikkje presentert forslag til tiltak som kunne vege opp for at bruken av engelsk som publiseringsspråk er aukande (Johansen 2012: 55). Han meiner at tiltaka i stortingsmeldinga ikkje er tilstrekkelege på dette punktet. Påstanden vert styrkt om ein ser på talmaterialet som syner at lite har skjedd sidan *Mål og mening* vart lagt fram. Mykje tyder dimed på at det er bruk for tiltak i tillegg til dei som er nemnde i stortingsmeldinga. Eit slags lyspunkt er at ein har fått gjennomslag for kravet i *Mål og mening* om at doktoravhandlingar skal ha eit fyldig samandrag på det språket som oppgåva ikkje er skriven på (Johansen 2012: 83).

Parallellspråksbruk

Korleis står det til med parallellspråksbruk? Som synt manglar det retningsliner som regulerer bruken av fleire språk. I *Språkmeldingen som handlingsplan* vert det hevda at omgrepet i praksis vert ei unnskyldning for å ikkje ta vanskelege val, og at ein i praksis held fram som før (Johansen 2012: 37). Mykje av skulda vert lagt på bruken av ordet "formålstenleg" fordi det oftast er engelsk som vinn fram når andre omsyn enn dei direkte språklege skal med. Ein kan spørje seg om det i dag er for lett å argumentere for at bruken av engelsk er formålstenleg.

Oppsummert kan ein seie at ein i dag ser få direkte brot med den vedtekne politikken. Det kan verke positivt, men i stor grad skuldast det at politikken er så vag som han er. Dette gjeld særleg omgrepet parallellspråklegheit og formuleringar som seier at engelsk kan brukast "der det er formålstenleg".

Det er ein god veg att til målet om at språkpolitikken skal vere sektorovergripande, og at han skal vere integrert i den daglege praksisen ved utdanningsinstitusjonane. Johansen (2012: 78) sine ord kan stå som oppsummering: "Språkmeldingen slo til lyd for en storstilt satsing på bred front. Hovedinntrykket nå, nærmere fire år etter lanseringen, er at lite har skjedd; den nye offensiven synes å ha kjørt seg fast før den kom i bevegelse."

4 Nynorsk

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. (St.meld. 35 2008: 82)

Dette politiske imperativet, som Grepstad (2015: kap. 11) kallar det, er henta frå *Mål og mening*. Her vert plassen til nynorsk slått fast, og innhaldet er særst viktig for statusen til og bruken av språket og for rettane til språkbrukarane. Problemet er at imperativet, i alle fall ifølgje Grepstad, i praksis har vore lite i bruk.

Over er norsk omtala som eitt språk, men her skal ein sjå nærare på nynorsk som forskingsspråk. I *Mål og mening* vert det vist til Soria-Moria-erklæringa der det vert slått fast at nynorsk har andre rammevilkår enn bokmål, og at "... det er særleg viktig å sikra ei god utvikling også for nynorsken." (Soria-Moria-erklæringa. I: St.meld. 35 2008: 17). Dette finn ein støtte for i sjølve *Mål og mening*, særleg vert det peika på at nynorsk som fagspråk står spesielt svakt (St.meld. 35 2008: 106). For å illustrere dette med tal kan ein sitere Grepstad (2015: kap. 3): "Nynorsk har aldri vore brukt av mange i akademien." I teorien er nynorsk og bokmål likestilte, men her er det eit sprik mellom teori og praksis på alle område, og særleg stort er dette spriket når det kjem til fagspråk (St.meld. 35 2008: 106).

Som språk i Noreg må nynorsk kjempe om plass med bokmål, som igjen kjempar mot engelsk. Dette dannar ei kjede der nynorsk indirekte er pressa av engelsk, og trugsmålet vert soleis alvorleg. I *Mål og mening* vert dette uttrykt slik: "Nynorsken har ingen sjanse til å overleva i ein situasjon der bokmålet skulle bli alvorleg truga som samfunnsberande og fullverdig språk" (St.meld. 35 2008: 195). Det er ein situasjon ein dels ser i dag, og nynorsk er dimes truga av det engelske fagspråket. Grepstad (2015: kap. 10) hevdar at den aukande engelskbruken går mest ut over bokmål, men at "... ein del av domenetapet frå bokmål til engelsk tek bokmålsbrukarane att ved å få ny tilførsel av bokmålsbrukarar frå nynorsksida". Det kan han hevde fordi mange studentar byter frå nynorsk til bokmål, eit skifte som på ingen måte er med på å styrkje norsk som forskingsspråk. Dimes taper både nynorsk og bokmål. I *Mål og mening* (St.meld. 35 2008: 195) vert det også hevda at nynorsk kan vere ein del av løysinga: Ein kan styrkje norsk språk gjennom å styrkje nynorsk. Det vert mellom anna vist til at nynorskfolket har røynsler frå tidlegare språkkampar.

I stortingsmeldinga er tilhøvet mellom engelsk og norsk som forskingsspråk forsøkt regulert. Ei slik regulering finst ikkje i tilhøvet mellom nynorsk og bokmål som forskingsspråk. Kanskje har det

ikkje vore offentleg interessant? Her kan ein trekkje liner til Eli Bjørhusdal sine funn i *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentleg språkpølitikk 1885–2005* (2014). Bjørhusdal hevdar at det i nynorsk-bokmål-forvaltninga er nøytralitetsnormer som rår. Det kan forklare kvifor tilhøvet mellom bokmål og nynorsk som forskningsspråk ikkje er regulert. Om det er nøytralitet og jamnstilling ein har ønskt, vil slik regulering vere mindre interessant. Bjørhusdal syner at ein i dag har meir behov for språksikring av nynorsk enn for jamstilling mellom dei to språka. I *Mål og meining* finn ein eit ønske om å sikre nynorsk, men er det mogleg å sikre han når ein ikkje har tydelegare regulering enn dei meldinga legg opp til? Lik tevling er ikkje tilstrekkeleg, verken på det ålmennspråklege eller det fagspråklege området. Bokmål treng hjelp i møte med engelsk, men hjelpebehovet nynorsk har, er større.

Omgrepet språksikring kunne ein også nytta i spørsmålet om korleis å sikre norsk fagspråk. Om ein ser jamstilling som om lag det same som parallellspråksbruk, kan ein lure på om det parallelle er tilstrekkeleg. Kanskje må ein også språksikre norsken? Fleire har etterlyst tydelegare retningsliner for parallellspråksbruk, og kanskje kunne slike retningsliner vore ei form for språksikring. Eit døme på ei form for sikring som finst i dag, er støtte til lærebøker for høgare utdanning, der bøker på nynorsk er mellom dei som får støtte (Språkrådet 2012: 31). I 2011 var 5 av dei 72 læreboktitlane som fekk støtte frå Kunnskapsdepartementet, på nynorsk (Wedding 2012. I: Språkrådet 2012: 31).

5 Mellom kunnskap og kultur

Ei utfordring i arbeidet med språkspørsmål er kvar språk eigentleg høyrer heime: Er språk og arbeid med språk kultur eller kunnskap? Svaret er nok at det er baa. Kvar ein vel å plassere det, eller kvar det vert plassert, er avhengig av den enkelte saka / det enkelte språkspørsmålet. I arbeidet med dette prosjektet er spørsmålet om plassering sentralt i jakta på økonomiske midlar, for kva departement skal ein eigentleg fri til for støtte? Språk høyrer tradisjonelt heime under kulturdepartementet (KUD). På nettsidene til departementet står det at "Kulturdepartementet ivaretar et bredt spekter oppgaver på feltene språk og litteratur", og det er i dette departementet *Mål og meining* har sitt opphav (Kulturdepartementet 2015). Det er altså mykje som tilseier at språk høyrer heime under KUD, men språkpolitikk skal som synt vere sektorovergripande. Ein har kanskje ikkje lukkast med det, men det er likevel slik at språk inngår i mange sektorar. Dette prosjektet handlar om språk, men like mykje handlar det om høgare utdanning og forskning. Det er ein sektor som ligg under kunnskapsdepartementet (KD). Her vert utfordringa synleg: Spørsmål om språk hamnar alltid mellom to stolar. Det må ein ha med seg i arbeidet med språk, og vonleg kan ein klare å vere sektorovergripande på ein god måte og få både KUD og KD med på laget.

6 Parallellspråkleg forskning

Det er statleg vedteken politikk at norsk skal vere eit levande fagspråk, men i dag vert ein stor del av norsk forskning publisert på engelsk. Forskingsartiklar skil seg frå populærvitskapleg formidling og lærebøker, sjølv om terminologien som blir brukt, kan vere den same innan det enkelte fagfeltet. På mange fagfelt finst det norskspråklege læreverk medan engelsk er einerådande innan forskinga på det same feltet. Konsekvensen av det er at forskarar kan mangle norskspråklege føredøme når dei skal skrive forskingsartiklar. Trass i at den norske terminologien er på plass, kan det vere vanskeleg å skrive og publisere forskning på norsk om norma og tradisjonen er engelsk og ein manglar forbilde. Om ein har eit mål om at forskarar skal kunne publisere på norsk i situasjonar der det ikkje er nokon grunn til å publisere på engelsk, er det viktig at det er mogleg å bryte den sterke norma om engelsk. Dersom ein hadde hatt fleire forskingsartiklar tilgjengelege på norsk, kunne det blitt enklare for forskarar eller studentar på høgare nivå å velje norsk der det skulle høve. Det er vanskeleg i dag, og stillinga til norsk fag- og forskingsspråk, både bokmål og nynorsk, vert stadig utfordra. Ein har ikkje oppnådd dei overordna måla i *Mål og mening*, og ein må difor tenkje nye tankar og finne nye tiltak. Desse må vere i tråd med stortingsmeldinga. Ein treng parallellspråklegheit, og ikkje berre som eit teoretisk omgrep.

Parallellspråkleg forskingspublisering

Parallellspråkleg forskingspublisering er parallellspråksbruk i praksis. Det er ikkje ideelt at forskning gjort av norske forskarar vert publisert på engelsk, og ein bør difor diskutere om det er mogleg å omsette desse artiklane til norsk. Hadde ein omsett frå engelsk til norsk og publisert dei norske versjonane samla, ville ein fått forskingsartiklar som var parallellspråkeleg i form av at dei var publiserte på to språk. Det kunne hatt mange gode ringverknadar. Difor vert det i denne rapporten drøfta om artikkelsamlingar kan vere med på å styrkje det norske fagspråket.

Artikkelsamlingar med omsette fagartiklar er eit tiltak som er i tråd med meldinga, og som er parallellspråksbruk i praksis. Artiklane skal vere omsette frå engelsk til norsk med ei fordeling mellom nynorsk og bokmål. Når ein også omset til nynorsk, er ein med på å motverke ubalansen som finst i dag. Korleis fordelinga mellom dei to språka skal vere, kjem ein attende til. I denne rapporten vert artikkelsamlingane som konsept lansert, og det vert drøfta om samlingane kan vere eit godt tiltak for å styrkje norsk fagspråk. Å planlegge og gjennomføre eit prosjekt som dette er krevjande. Det er mykje som skal på plass før den første artikkelsamlinga ligg på bordet, og ein må ta mange val undervegs i prosessen. Mange sider ved artikkelsamlingane må drøftast, men nokre punkt står støtt:

- Artikkelsamlingane skal innehalde forskingsartiklar skrivne av dyktige forskarar.
- Artikkane skal vere i nynorsk og bokmål omsetting, og ein skal nytte norsk terminologi.
- Språket skal vere fagleg og godt.
- Kvar artikkel skal ha ein følgjetekst der forskinga og funna vert presenterte og sette inn i ein større samanheng. Denne teksten skal ha eit journalistisk preg, og han skal vere skriven på eit forståeleg språk. Følgjeteksten vert ein innførings- og hjelpetekst til artikkelen.

Den ålmenne kunnskapsformidlinga på nasjonalspråket, som det heiter i *Mål og meining*, kjem ikkje av seg sjølv. Ein er mellom anna avhengig av å auke statusen til norsk som forskingsspråk og å løfte fram god formidling på norsk. Gjennom gode tekstforbilde kan ein sjå at norsk er eit velfungerande forskingsspråk, og ein kan løfte norsk, og særleg nynorsk, som akademisk språk. Ei artikkelsamling er med på å betre stillinga til norsk og nynorsk som fag- og forskingsspråk. Ho gjer det ved å vere parallellspråksbruk i praksis, og på denne måten å følgje opp den vedtekne politikken i *Mål og meining*. Vidare argumentasjon for kvifor samlinga er eit godt tiltak kjem undervegs i dette kapittelet, før han vert samla i kapittelet etter.

I arbeidet med denne rapporten har mange uttalt seg om norsk språkpolitikk, om stoda i dag og om kva ein kan gjere for å betre situasjonen. Desse personane har også kome med innspel til korleis artikkelsamlinga skal vere utforma, og korleis det formelle rundt ho skal vere organisert. Mange av innspela går ikkje overeins. Difor vert ulike modellar, med styrkar og svakheiter, presenterte. Dette er hovudspørsmåla:

- Skal artikkelsamlingane innehalde artiklar frå både norske og utanlandske forskarar?
- Kven er målgruppa for artikkelsamlinga?
- Kven skal eige og drive prosjektet?
- Korleis får ein midlar?

Korleis ein svarer på eitt av desse spørsmåla, treng ikkje påverke korleis ein svarer på dei andre. Det er difor tungvint å presentere alle tenkjelege kombinasjonar, så spørsmåla over vert drøfta kvar for seg. Ein vil legge merke til at det er mykje overlapp mellom dei to siste spørsmåla, så noko gjentaking vil det bli. Andre detaljar kring artikkelsamlinga vert presentert etter at spørsmåla er drøfta, men også her er det spørsmål utan fasitsvar.

Skal artikkelsamlinga innehalde artiklar frå både norske og utanlandske forskarar?

Det første spørsmålet som er oppe til drøfting, er kva forskarar som skal få sine artiklar på trykk i samlinga. For å svare på det må ein sjå på og argumentere for og mot ulike alternativ. Grovt sett kan ein dele inn i tre:

1: berre utanlandske forskarar

2: berre norske forskarar

3: ein kombinasjon av norske og utanlandske forskarar

Fordelen med alternativ éin, å trykke artiklar av utanlandske forskarar, er at ein aukar sjansen for å få med den viktigaste forskinga. Det er avgjerande av fleire grunnar, mellom anna fordi det aukar sjanse for å få delar av samlinga inn på pensum. Å vere pensumrelevant er eit gjennomgåande tema i rapporten fordi det kan betre økonomien i prosjektet. Det gjer det lettare å få tilskot til å trykke samlinga, og det gjer at fleire vil kjøpe ho. Det gjeld særleg studentar som må lese pensum, men når samlinga inneheld tekstar av store og kjende forskarar, vert det også lettare å nå ut til andre. Å vere pensumrelevant gjer det også lettare å kome inn i bibliotekhyllene. Det vil altså vere potensielt viktig å ha med artiklar av utanlandske forfattarar for å klare å vere pensumrelevant og dimed realisere prosjektet. Det er likevel viktig å merke seg at ein ikkje treng å ha som mål at samlinga skal vere pensumrelevant.

Argumenta for alternativ to er knytte til tanken bak artikkelsamlinga: Ho skal medverke til å løfte norsk som akademisk språk, og ho skal vere ei motvekt til den utbreidde bruken av engelsk. Ein vil auke statusen til norsk som forskingsspråk og gje norske studentar tekstføredøme for eiga skrivning på norsk. Det handlar om norsk språk i Noreg, og det er dimed heilt naturleg at det også skal handle om norske forskarar. Mange av forskarane skriv sjeldan på norsk. Artikkelsamling kan syne desse at norsk fagspråk eksisterer, og at deira eiga forskning høver seg på norsk. Forskarane kan få auka medvite kring dette. Gjennom samlinga kan ein overtyde dei om at det er viktig å formidle eiga forskning til det norske folket, og ein kan inspirere til å formidle meir for dette publikumet seinare. Det er også slik at nokre fagfelt er knytte til det norsk domenet, og på desse vil det vere norske forskarar som har skrive dei mest kanoniske tekstane. Eit annan argument for norske forskarar er at universitet og høgskular får ein ny kanal til å få forskning frå eigne forskarar ut og tilbake til samfunnet.

Det er fordelar med både norske og utanlandske forskarar. Ein bør difor vurdere det tredje alternativet. Ved å kombinere artiklar frå norske og utanlandske forskarar oppnår ein alle fordelane skildra over, og det er ingen negative sider ved å gå for ei slik løysing. Snarare kan det vere ei ære for ein norsk forskar å vere på trykk i den same samlinga som ein kjend utanlandsk forskar. Spørsmålet er korleis fordelinga skal vere. Ser ein språkpolitisk på det, bør storparten av artiklane vere skrivne av norske forskarar. For å oppnå fordelane med at samlinga inneheld artiklar av utanlandske forskarar treng ein ikkje mange slike artiklar. Det kan difor vere fornuftig å gå for ei fordeling der storparten av artiklane er skrivne av norske forskarar medan ein liten del av dei er

skrivne av utanlandske forskarar.

Det er også andre forhold som verkar inn på den endelege fordelinga. Det er ønskjeleg at forskarane sjølve skal lese over teksten etter at han er omsett slik at dei kan gå gode for innhaldet. Det er umogleg når forskaren ikkje kan norsk. Det er truleg også vanskelegare å oppnå kontakt med forskaren for å få løyve til å omsette og trykke artikkelen når han/ho ikkje er norsk. Ein må fortløpande vurdere korleis ein kan møte desse utfordringane.

Kven er målgruppa for artikkelsamlinga?

Det neste spørsmålet er kven som er målgruppe for samlinga. Det har grovt sett to svar: Enten skal artikkelsamlinga nå breitt ut og ha folk flest, journalistar og studentar som målgruppe, eller så skal ho ha studentar, akademia og andre spesielt interesserte som målgruppe. Dei som har uttalt seg i prosjektet, er ikkje samde om kva som er det beste.

Dersom målgruppa er folk flest, kan artikkelsamlinga verte ei kommersiell satsing der eit av måla er å selje mange eksemplar. Å velje denne målgruppa samsvarer med tanken om at forskinga skal ut til folket, det er ein demokratisk tankegang. Ein kan samstundes spørje seg om det i det heile er realistisk å nå ut til folk og få selt samlinga når innhaldet er så fagleg som det er tenkt å vere.

Dei som meiner at samlinga må vere retta mot studentar og andre i akademia, meiner det er urealistisk å nå ut til folk flest. Sjølv om fagartiklane er i norsk omsetting, er det ikkje garantert at innhaldet er tilgjengeleg. Teoriar som forskaren tek som gjevne og ikkje presenterer, er døme på hinder i teksten. Kor stort eit slikt hinder er, er avhengig av formidlingsevna til forskaren og kven han ser føre seg at skal lese artikkelen. Studentar kjenner teoriane og kan hanskast med fleire hinder enn andre. Det gjer dei til ei passande målgruppe for forskingsartiklar. Eit anna argument for å primært rette seg mot studentar er behovet dei har for å lese norsk fagspråk. Dei treng å lære norsk terminologi, å ha eit språk å formidle kunnskapen sin på til utanforståande og å ha eit stilideal for eiga skriving på norsk. I artikkelsamlinga vil alle omgrep vere omsette, og ho vil medverke til å gje studentar eit ordforråd og ein språkstil. Gjennom det får ho også ein innverknad på framtidig bruk av det norske fagspråket. Ho vil vere nyttig for språket og for studenten. Studentar er ein del av både dei moglege målgruppene, men kva nivå ein legg seg på fagleg og i kontinuumet forskingspråk-populærvitskap, påverkar kor nyttig samlinga vil vere for studentane. Når språket og innhaldet er fagleg, vert samlinga meir fagleg relevant. Over vart det argumentert for at det vil vere ein økonomisk fordel dersom artiklar i samlinga kjem inn på pensum. Om ein vektlegg dette, talar også det for å ha studentar som målgruppe.

Kven skal eige og drive prosjektet?

Eit prosjekt som dette må ha ein eigar og nokon som driv det. Kven det skal vere, er det neste spørsmålet ein må få svar på. Prosjektet er stort, og nokon må ha det overordna ansvaret både organisatorisk og økonomisk. Det kan vere éin eller fleire aktørar som står for dette. Utfordringa er at prosjektet truleg ikkje vil vere inntektsgeivande, i alle fall ikkje i byrjinga. Det gjer det vanskelegare å finne gode kandidatar som vil ta på seg jobben. I lista under vert aktuelle aktørar presenterte. Lista er basert på innspel frå personane som har uttalt seg om prosjektet. Nokre av aktørane vil kunne medverke i finansieringa, andre treng fullfinansiering frå andre hald for å ta på seg arbeidet. Finansiering er neste punkt i rapporten.

Universitet- og høgskolerådet (UHR)

Styret i UHR er sett saman av rektorar og andre sentrale aktørar i høgare utdanning i Noreg. Universiteta har ansvar for formidling og undervisning, og dei har eit samfunnsmandat til å ta vare på norsk språk. UHR har ein språkpolitisk plattform, og ulike universitet har vedteke egne planar som liknar denne, men lite skjer i oppfølginga av planane. I plattformen står det mellom anna at "Vitenskapelig publisering og formidling skal skje på det språk som er mest relevant og naturlig for det aktuelle fagmiljøet og tilpasset aktuell målgruppe" (UHR 2015). Det er diffust. Ein kan tenkje seg at ein forskar skriv for forskarfelleskapen, og at han gjer dette på engelsk. Seinare får den aktuelle artikkelen status som kanonisk på fagfeltet, og innhaldet i han bør då vere tilgjengeleg også for ferske studentar. Dei har ikkje tileigna seg det engelske fagspråket på dette tidspunktet, og dei treng difor at artikkelen vert tilpassa dei som målgruppe og kjem ut på norsk. Dømet syner behovet for artikkelsamlinga, og at ho treff UHR sin eigen politikk. UHR bør difor engasjere seg i eit prosjekt som dette. Prosjektet vil tene på å vere forankra på eit høgt nivå. Det gjev respekt for prosjektet og fører til at utdanningsinstitusjonane sjølve føler tilknytning til og ansvar overfor artikkelsamlinga. Prosjektet bør vere knytt til UHR på to nivå: Leiaren i rådet må kome med eit intensjonsvedtak, og dei ulike samlingane må vere kopla opp til fagrådet som omhandlar det aktuelle fagfeltet. Det er samstundes usikkert korleis UHR kan yte hjelp direkte. Truleg er det ein god tanke at dei skal spele ei rolle, men vanskeleg i praksis.

Utfordringar:

- UHR jobbar lite med språk i dag.
- UHR er internasjonalt orienterte og fokuserte på forskingsresultat.
- Ein må klare å overtyde om at dette er den rette måten å følgje opp den språkpolitiske plattformen på.
- UHR rår ikkje over tilstrekkeleg med midlar.

Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål, og dei skal følgje opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Språkpolitikken er i stor grad einstyddande med *Mål og mening*, og dimed også med tanken bak artikkelsamlinga. Språkrådet skal mellom anna "Styrke norsk språks status og bruk på utsatte samfunnsområder" (Språkrådet 2015). Det kunne like godt vore ei skildring av kva artikkelsamlinga skal gjere, og sidan Språkrådet har slike arbeidsoppgåver, bør dei vere involvert i dette prosjektet. Utfordringa er finansiering, noko ein snart skal sjå nærare på. Fleire som har uttalt seg i prosjektet, hevdar at Språkrådet må ta på seg ansvaret fordi det er den mest fornuftige og realistiske løysinga. Får ein tilstrekkeleg med økonomisk støtte, kan nokon i Språkrådet ha ansvaret for prosjektet. Sjølvle drifta kan setjast ut til eit forlag sidan det er her kompetansen til å publisere artikkelsamlingar ligg. Forlaget må få eit tydeleg oppdrag, og det må kome i god tid før samlinga skal vere på marknaden. Forlaget si oppgåve vert å velje ut artiklar, omsetje og korrekturlese, brette og gje ut samlinga. Eit forlag vil lettare kunne ta på seg oppdraget når Språkrådet er oppdragsgjevar, fordi det i det ligg ein lovnad om kontinuitet og forplikting. Uansett korleis ein endar med å organisere arbeidet, er Seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning, Fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning og språkdirektøren sentrale aktørar som ein kan samarbeide med.

Utfordringar:

- Omfanget av prosjektet kan vere for stort.
- Arbeidet med artikkelsamlingane kan gå ut over mandatet til Språkrådet.
- Språkrådet er avhengig av tilstrekkeleg med midlar frå kulturdepartementet.

Samlaget

Eit forlag må vere involvert i dette prosjektet. Det er mange å velje blant, og dei har ulik kompetanse. Samlaget har lang fartstid med store prosjekt (t.d. Norsk Ordbok) og har ein seksjon for høgare utdanning. I tillegg er Samlaget eit forlaget som set nynorsk høgt. Det er viktig fordi nynorsken sin plass i prosjektet kan bli truga dersom kommersielle forlag får ansvar for samlinga. Det vil ikkje skje hjå Samlaget.

Utfordringar:

- Dei kan ikkje ta økonomiske sjansar og artikkelsamlinga er eit non-profit-prosjekt.
- Samlaget har ein liten redaksjon, og dei kjenner ikkje alle fagfelt godt nok til å ta på seg å lage artikkelsamlingar. Dei kjenner mellom anna ikkje felte medisiner og økonomi godt nok.

Universitet eller universitetsbibliotek

Det kan tenkjast at universiteta sjølve kunne hatt ansvaret for samlinga, eller at ho vert gjeven ut av eit av universitetsbiblioteka. Då vil ein liggje nära forskarane og brukarane av samlinga. Mange universitet har vedteke språkplanar, men arbeidet med å følgje dei opp går dårleg. Dersom institusjonane sjølve hadde tatt ansvaret for artikkelsamlinga, ville dei vore i gang med arbeidet sidan samlinga er parallellspråklegheit i praksis. Ei sterkare tilknytning til forskings- og utdanningsseksjonen kan ha positive konsekvensar for samlinga, så her er det vinn-vinn.

Utfordringar:

- Det er eit mål at det skal vere fri konkurranse mellom utdanningsinstitusjonane slik at det vert prestisje å kome med i samlinga. Det er vanskeleg å sikre det om ansvaret for samlinga ligg ved ein av dei.
- For å sikre nynorsk i samlinga, treng ein engasjement. Dette er det truleg lettare å finne ved UiB enn ved UiO sidan det er fleire nynorskbrukarar ved UiB.
- Universiteta brukar truleg det som er av midlar på andre ting, til dømes internasjonalisering. Konkurransen om midlane er stor.

Universitetsforlaget:

Universitetsforlaget har tidsskriftportefølje. Dersom ideen er ferdig sydd, kan ein gje han til forlaget slik at dei kan setje han ut i livet.

Utfordringar:

- Universitetsforlaget har ikkje tradisjon for å trykke tekstar som har vore på trykk ein annan stad først.
- Ein må sikre nynorsk i samlinga.
- Artikkelsamlinga er eit non-profit-prosjekt.

Fagbokforlaget

Fagbokforlaget produserer og distribuerer tidsskrift. Dei får meir og meir musklar og kan vere ivrige på å opparbeide prestisje. Eit slikt prosjekt kan vere bra for blesten deira, dei kan vise seg fram som ein norsk kulturentreprenør. Dersom ideen er ferdig sydd, kan ein gje han til forlaget slik at det kan setje han ut i livet. Utfordringane er mykje dei same som dei for Universitetsforlaget.

Andre forlag

Uansett korleis ein vel å realisere dette prosjektet, er ein som nemnt avhengig av at eit forlag er involvert. Det er ein føresetnad for å få økonomisk støtte frå til dømes Lærebokutvalget for høyere utdanning (vender attende til det), og kunnskapen forlaga sit med, krevst for å få produsert

samlinga. Utfordringa er at prosjektet truleg er non-profit, men han kan ein møte ved å la Språkrådet vere ansvarleg for prosjektet. Då kan dei setje ut sjølve arbeidet med samlinga til eit forlag, og saka vert ei anna. Det er viktig at forlaget kjenner fagfeltet den aktuelle samlinga rommar artiklar frå.

Korleis får ein midlar?

I alle prosjekt er økonomi det mest sentrale spørsmålet, og særleg sentralt er det når prosjektet mest truleg vil vere non-profit. Målet med artikkelsamlingane er ikkje at dei skal selje og gje inntekter, men snarare at dei skal vere god språkpolitikk som får positive verknadar for norsk som fag- og forskingsspråk. Det vil ikkje seie at ein kan sjå vekk frå økonomi. Ein treng finansiering, og det er mogleg at salsinntekter må vere ein del av det. Sidan det kan vere vanskeleg å skaffe fast finansiering, er det eit godt alternativ å byrje med eit prøveprosjekt. Dersom ein får finansiert den første samlinga og ser ho det vart vellukka, kan ein arbeide vidare med å sikre fast finansiering. Under er mogleg inntektskanalar lista opp.

Departement

Den enklaste måten å få støtte frå eit departement på er å søke på utlyste midlar. Dersom det ikkje finst slike utlysingar, kan ein prøve å få midlar direkte over statsbudsjettet. Det er vanskeleg, og ein er ikkje sikra å vere der over tid. Det er også mogleg å søke om støtte utan at det er lyst ut midlar. Uansett korleis ein vel å gå fram, er ein avhengig av å ha ei god sak og gode argument, og ein treng personar og aktørar som stiller seg bak og støttar opp om prosjektet. Det er også ein fordel å alliere seg med politikarar og få dei til å ta opp saka i stortinget. Som peika på på side 20, fell språk ofte mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Ein må difor vende seg til bådø departementa i jakta på midlar:

- Kulturdepartementet: I fleire år har Kulturdepartementet løyvd midlar til språktiltak. Artikkelsamlingane ville vore ein kvalifisert søkar i ei slik utlysing.

Over vart det føreslått at Språkrådet kunne hatt ansvaret for artikkelsamlinga, men at det også her er vanskeleg å sikre finansiering. Nokre hevdar at Språkrådet kan få øyremerkte midlar frå Kulturdepartementet til å arbeide med prosjektet, medan andre hevdar at dette ikkje vil skje, og at midla dei har i dag, ikkje vil strekke til. Språkrådet får midlar frå KUD, så for å skaffe finansiering, må dei legge press på departementet. Vonleg kan dei alliere seg med fagpersonar som kjenner *Mål og mening* og som har uttalt seg positivt om artikkelsamlingane som tiltak. Det vil styrkje ein søknad om støtte. Dersom Språkrådet får midlar, må dei love forlaget som skal gjere den praktiske jobben gode

økonomiske rammer. Forlaget må få dekt alle utgifter og ha ein god økonomisk margin.

- Kunnskapsdepartementet: I arbeidet med prosjektet har nokre ytra at dersom artikkelsamlingane skal bli permanente, så må dei koplust på KD. Det er dei som forvaltar lovverket universiteta ligg under, og nokre meiner at det er meir realistisk å få støtte hjå dei enn å få permanente løyvingar frå KUD. Det er alt slått fast at eit norsk fagspråk er viktig for prestasjonar i høgare utdanning. Dersom KD ser at artikkelsamlinga kan ha positiv effekt for språket og dimed også for kunnskapsutviklinga i landet kan departementet stille seg bak. Sidan KD har ansvaret for høgare utdanning, er det uansett viktig med ei forankring her.

Lærebokutvalget for høgere utdanning

Utvalet, som har i oppgåve å dele ut støtte til læremiddel på nynorsk og læremiddel i små opplag, ligg under UHR. Dei gjev støtte til produksjonskostnader, og artikkelsamlinga kan kvalifisere til slik støtte. For å kvalifisere må to eksterne fagpersonar gå gode for at samlinga er pensumrelevant. Ein er også avhengig av at artikkelsamlingane er knytte til eit forlag.

Fritt Ord

Sumaren 2015 sa leiar i Fritt ord, Knut Olav Åmås, at Fritt Orda ønskjer søknadar som omhandlar språk. Artikkelsamlingane kan truleg kvalifisere for støtte på programområdet Informasjon og offentlig debatt. Noko som taler mot å få støtte frå Fritt Ord, er denne setninga frå frittord.no: "[...] den stadig større søkermassen har gjort det nødvendig å spisse til profilen slik at de tilskudd som går mer direkte på bruken av det frie ord blir prioritert." Ser ein på skildringa av det aktuelle programområde, vert ein likvel overtydd om å prøve.

Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo

Nemnda gjev tilskot til lærebøker og læremiddel for høgskular og universitet. Midla vil ikkje vere tilstrekkelege til å drive prosjektet over tid, men dersom det vert aktuelt med eit kortvarig prøveprosjekt, kan ein søke støtte til å dekkje delar av utgiftene.

Konkrete utdanningsinstitusjonar

Mange meiner at universiteta vil vere interesserte i prosjektet, men at det er usikkert om dei kan og vil prioritere å bruke midlar på ho. Særleg ikkje dersom samlinga ikkje vert teljande i tellekantsystemet. Samstundes er dei ute etter blest og meir publisering, så dersom prøveprosjektet vert ein suksess, er det ikkje usannsynleg at ein kan få midlar frå universiteta seinare.

Universitets- og høgskulerådet

UHR er som nemnt ein sentral aktør, og artikkelsamlinga kan vere eit tiltak for å nå måla i deira språkpolitiske plattform. Ein kan peike på han og overtyde om at dei må støtte prosjektet. Ein kan rette seg mot dei enkelte fagråda, men bør også få eit intensjonsvedtak frå leiarhald. Med det kan det kome innsats og midlar, men truleg rår ikkje UHR over tilstrekkeleg med midlar til å få gjennomført prosjektet. Det er likevel viktig å ha UHR i ryggen sidan det kan gjere det enklare å få midlar andre stadar.

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF)

NFF er primært ei fagforeining, men ho arbeider også for «å fremme god faglitteratur og å styrkje norsk skriftspråk». Foreninga har midlar og er engasjerte i språkpolitiske spørsmål. Det er difor verdt å søke ho om støtte. Kanskje kan ho gje eit slags forfattarstipend til redaktøren av samlinga?

Moglege inntekter når samlinga er klar

Sal til privatpersonar, studentar og bibliotek kan gje inntekter. Dersom delar av samlinga vert pensum på innføringsemne, vil ein kunne selje ho til studentar. Det er mange faktorar som påverkar det potensielle salstalet, mellom anna pensumskonkurranse, tal på studentar og pris. Noko som kan minke salet til studentar, er dersom Kopinor gjev ut dei pensumrelevante artiklane i digitale kompendium (Bolk). Alle artiklane i samlinga kjem ikkje til å vere pensum, og dersom dei einskilde pensumartiklane er tilgjengelege via Bolk, vil studentane truleg hente dei der framom å kjøpe samlinga. Det er negativt for økonomien til prosjektet.

Fagområde

Artikkelsamlinga skal som kjent innehalde artiklar skrivne av forskarar, men ein må drøfte om éi og same samling skal innehalde artiklar frå eitt eller fleire fagområde. Dersom samlinga berre rommar eitt fagområde, vil fagområdet variere frå år til år. På den måten får ein dekt fleire felt over tid. Når samlinga er spissa mot eitt fagområde, er ein også spissa mot éi motakargruppe. Då kan ein lettare treffe mottakaren, og det er lettare å vere pensumrelevant. Dersom ein har med fleire fagfelt i same artikkelsamling, kan ein nå ut til eit breiare publikum. Samstundes kan ein spørje seg om nokon er interesserte i ei samling som inneheld eit bredt spekter av artiklar. Dersom svaret er nei, er ikkje det å nå eit breiare publikum eit gyldig argument. Eit anna argument er at ein får synt fram det norske fagspråket på fleire fagfelt dersom samlinga rommar fleire fagfelt. Det veg likevel ikkje tungt nok sidan ein vil oppnå det same over tid når kvar nye samling dekkjer eit nytt fagområde. Eit alternativ er å lage artikkelsamlingar som har eit tema, og at dette temaet skiftar frå år til år. Då vil ein ha ein

raud tråd, og ein kan treffe ei mottakargruppe som er interessert i det aktuelle temaet, men som samstundes har ei breidde i seg. Temaet kan til dømes vere klima, og samlinga kan innehalde artiklar med ulike faglege vinklar på emnet. Uansett korleis ein går fram for å gjere det, er det viktig å få dekt fleire fagområde. Årsaka til det er at samlinga skal vere eit tiltak for å styrkje norsk fagspråk, og då snakkar ein om mange ulike norske fagspråk.

Ein må vere strategisk i utveljinga av fagområde. Det er særleg viktig å dekkje dei fagområda der norsk forskingsspråk står svakt. Ein kan ikkje sikre originalpublisering på norsk, men ein kan medverke til å auke formidling på norsk, og det er det viktige. I tillegg til dette må ein tenkje på kvar behovet for eit forståeleg norsk forskingsspråk er størst, kvar det finst lesarar og på kva område det finst sentrale tekstar som ikkje finst i norsk omsetning. Når samlinga over tid kan dekkje mange ulike fagspråk, medverkar det til at ho er eit godt tiltak. For å omsetje artiklar til norsk er ein avhengige av norske termar. Ein vil ta i bruk dei som allereie finst, men også sjå kvar det er behov for nye termar og presse fram nye termprosjekt. Desse prosjekta kan kome på mange ulike fagområde, og det norske fagspråket vil då verte styrkt i både breidde og djupne.

Framlegg til fagområde:

- Medisin: Prosentdelen publisering på norsk er relativt stabil på det medisinske fagfeltet, han låg på 17 prosent i 2009 (Språkrådet 2012: 25). Her må ein presisere at det på det medisinske feltet er ein skilnad mellom legestudiet og sjukepleiestudiet. Norsk språk står tradisjonelt sterkare i høgskulesektoren, og det spelar inn på publisering. I tillegg til det låge publiseringstalet, er det mange andre grunnar som talar for å velje det medisinske fagfeltet. Legar og sjukepleiarar skal formidle kunnskapen sin til folk flest, og at dei må ha eit godt norsk språk å gjere det på. I artikkelsamlinga vert godt, forståeleg språk kombinert med fagleg innhald, og studenten vert rusta til å vere ein viktig deltakar i samfunnet.
- Naturvitskap: På dette området er det svært lite norsk, med noko intern variasjon. Naturvitskapleg forskning har internasjonal appell, og det er truleg ikkje mogleg å motverke tendensen til engelsk her. Det er likevel viktig å ha eit norsk fagspråk ein kan nytte til formidling, og artikkelsamlinga vil kunne medverke til at ein får det. Dersom delar av ho vert pensum på bachelornivå, kan ho vere eit forbilde for studentar som ser mest engelsk. Naturvitskap har nokså stabile prosenttal publisering på norsk, men dei er svært låge (3 prosent i 2009) (Språkrådet 2012: 25). Det er difor viktig å tilby forskning på norsk.
- Økonomi: Engelsk står stadig sterkare på dette feltet. Mellom 2005–2010 var berre 20 % av publikasjonane i samfunnsøkonomi på norsk (Gregerson 2014: 216). Det er uheldig sidan økonomi spelar ei stor rolle både i dagleglivet og i næringslivet, og det er viktig at folk har

ei forståing av korleis økonomi fungerer. Samstundes er dette eit felt der ein jobbar med å få på plass ein norsk fagterminologi, mellom annan gjennom eit prosjekt som går føre seg ved NHH i Bergen (oppsatart 2015). Prosjektet omhandlar parallellspråksbruk. Det er mogleg å inngå eit samarbeid med NHH slik at ein i artikkelsamlinga tek i bruk termar som har kome ut av dette prosjektet. Det kan tale for å velje å ha økonomi som fagfelt for den eine samlinga.

- Statsvitskap: Ein har sett at det for samfunnsvitskap var ein nedgang i publisering på norsk frå 54 prosent i 2007/2008 til 49 prosent i 2011 (Språkrådet 2012: 25). Det er ikkje eit skremmande lågt tal, men statsvitskap kan likevel vere eit aktuelt fagområde for ei artikkelsamling på sikt. Den norske statsvitaren Stein Rokkan er sentral på fagfeltet, men artiklar av han er stort sett berre tilgjengelege på engelsk. Det er eit konkret døme på behovet for norske føredøme på feltet.

Utveljing av artiklar

Når ein har valt fagfelt, må ein gå vidare til å velje ut dei konkrete artiklane. Ein må då sikte seg inn på eit nivå og drøfte kva utveljingsmetode som er best. Det første er knytt til kven mottakargruppa for samlinga er. Det er alt drøfta, og i drøftinga vart det nemnt at nivået i mange fagartiklar er for høgt og barrierane for mange til at ein kan rette seg mot folk som ikkje kjenner det aktuelle fagfeltet. Det er altså mykje som talar for å ha studenten som mottakar, og det er i så fall studenten sitt nivå ein må sikte seg inn på. Dersom samlinga skal vere pensum, og dersom ein skal nå ut til flest mogleg, bør artiklane ligge på eit vanskegradsnivå som samsvarer med bachelornivået i dei ulike utdanningsretningane. På dette nivået har ikkje studentane tileigna seg det engelske fagspråket, og ein kan dimed kome det i forkjøpet. Samstundes lettar ein læringa til studentane ved å tilby dei faget sitt i ei forståeleg form. Å sikre eit norsk fagspråk på eit høgare nivå er like viktig, men vanskelegare. Krava til å kjenne dei engelske termene og til å publisere for andre forskarar vert større når ein kjem lengre i utdanningsløpet, og ein større del av undervisninga føregår på engelsk. Artikkelsamlinga kan vere med på å legge eit sterkt grunnlag før ein kjem så langt, og ho kan syne studentar at ein kan skrive oppgåver på norsk sjølv om oppgåver ein les på slutten av studietida i stor grad er på engelsk.

Når fagfelt og nivå er bestemt, står ein att med den praktiske utveljinga av dei konkrete artiklane. Det er fleire måtar å gå fram for å velje, her skal vi gå inn på to alternativ: tal på siteringar og kanoniske artiklar. Det første alternativet er å velje artiklar basert på tal på siteringar. Det er mogleg å finne statistikk på dette, og det er soleis ein enkel, lite tidkrevjande og då også billeg framgangsmåte. Spørsmålet er om denne utveljingsmetoden sikrar at ein får dei beste og viktigaste

artiklane? Det er mange faktorar som påverkar kor mykje ein artikkel vert sitert, og fleire har difor uttrykt skepsis til å basere utvalet på siteringar. Det er mellom anna skilnad mellom fagområda når det kjem til graden av sitering, noko som gjer det vanskeleg å ha det som utgangspunkt. Om det er eit mål at artiklar i samlinga skal kome på pensum, er det truleg ikkje tilstrekkeleg å berre sjå på sitering. Ein må difor sjå nærare på alternativ to. Her vert utvalet av artiklar basert på at dei skal vere kanoniske og konstituerande på sitt fagfelt. Om samlinga inneheld slike artiklar, kan dei kome på pensum og appellere til studenten. Desse artiklane vil også kunne appellere til personar som har ei interesse for faget utan å sjølve vere studentar eller fagpersonar. Det er difor strategisk å velje slike artiklar, men ein er avhengig av kompetanse for å gjere eit slikt utval. Korleis ein kan gå fram, er avhengig av kven som driftar prosjektet. Dersom eit forlag gjer det, må det ha kompetanse på det aktuelle fagfeltet, og utveljinga kan dimed skje internt, eventuelt med noko hjelp utanfrå. Dersom utveljinga må skje uavhengig av eit forlag, kan ho gjerast av ei nemnd sett saman av sentrale fagpersonar som kjenner fagfeltet og som veit kva studentane treng. Det ligg ein demokratisk tanke bak å tilby artiklar som er kanoniske sidan dei tek føre seg viktig forskning som universitet og høgskular gjennom samlinga kan formidle til folket.

Det er eit mål at artikkelsamlinga skal romme artiklar frå fleire utdanningsinstitusjonar. Soleis vert det ein konkurranse mellom dei for å få med flest artiklar, og dersom institusjonane i framtida vil yte økonomisk hjelp, er det meir pengar å hente når fleire er med. Vonleg vil utveljingsmåten også gje ei breidde i institusjonar som får sine artiklar på trykk.

Nynorsk og bokmål

Alle artiklane i samlinga skal vere på norsk, og både bokmål og nynorsk skal vere representerte. At samlinga skal innehalde artiklar på begge dei norske språka, har ingen negative sider. Nynorsk står svakare som forskingsspråk enn bokmål gjer, og det er difor viktig å sikre at ein stor del av artiklane ligg føre på nynorsk. Snarare er det med på å styrkje ho som eit språktiltak. Samlinga skal vere ein parallell til dei engelskspråklege artiklane som alt eksisterer, men når ho inneheld artiklar på både nynorsk og bokmål, vert ho også parallellspråkleg i seg sjølv.

Spørsmålet er kor mykje plass dei to språka skal få. Det enklaste vil vere å operere med ei prosentfordeling. Då må ein først avgjere kor store prosentdelane skal vere. Styresmaktene opererer med eit krav om at båe målformer skal vere representerte med minst 25 prosent i publikumsretta, skriftleg tilfang frå staten. I dei fleste tilfelle vil det seie 25 prosent nynorsk. Dette talet kunne vore utgangspunktet også her, men ut frå skilnaden på bruken av nynorsk og bokmål og utfordringane dei står overfor i akademia, kan ein argumentere for at det vil vere ein for låg nynorskdell. Ein bør

difor drøfte andre alternativ. Desse er presenterte her:

- 50 prosent bokmål og 50 prosent nynorsk
- 40 prosent bokmål og 60 prosent nynorsk
- 20 prosent bokmål og 80 prosent nynorsk
- 100 prosent nynorsk

Avstanden mellom dei ulike framlegga er stor. Det er alt slått fast at 25 prosent nynorsk er for lite, og det er like sterke grunnar til å ikkje gå til den andre enden av skalaen. Nynorsk treng eit ekstra vern, og han treng å bli brukt i større grad enn i dag. Når ein likevel ikkje tilrår å ha 100 prosent nynorsk i samlinga, er det fordi det vil gjere prosjektet om til eit prosjekt om nynorsk som forskingsspråk og ikkje om norsk som forskingsspråk. Det kan svekke oppsluttinga kring prosjektet. Diverre har mange negative haldningar til nynorsk, og det vil difor tene prosjektet å løfte det fram som eit prosjekt for norsk forskingsspråk generelt. Det er truleg også lettare å få statleg støtte dersom prosjektet rommar heile det norske språket og dimed også ein større del av språkpolitikken. Ein kan argumentere for at det vil bli lettare å få støtte frå organisasjonar og andre som arbeider for nynorsk dersom samlinga berre inneheld artiklar på nynorsk, men slik eventuell støtte vil truleg uansett ikkje vere stor nok til å drive prosjektet over tid. Ein står difor att med ein mellomposisjon og eit behov for ei ei meir jamn fordeling mellom artiklar på nynorsk og bokmål. Ved å ha 50 prosent av kvar av dei to favoriserer ein ikkje, og ein er i samsvar med *Mål og mening*. Det er også viktig å slå fast at artiklar på bae språka i stor grad vil duge som stilideal for også det andre språket.

Artiklane skal som nemnt ha kvar sin følgjetekst. Desse skal vere på norsk, og fordeling mellom nynorsk og bokmål skal vere jamn også her. Det er logisk å tenkje seg ei organisering der artiklar på nynorsk har følgjetekstar på nynorsk, og artiklar på bokmål har følgjetekstar på bokmål. Det er likevel ikkje sikkert at dette er den beste løysinga. Personen som skriv følgjeteksten, må kjenne emnet som teksten omhandlar. Ein må difor velje personen basert på fag, og om han skriv bokmål eller nynorsk, vert sekundært. Det er ikkje noko problem dersom ein artikkel på nynorsk har ein følgjetekst på bokmål og omvendt, men ein må syte føre at det vert ei om lag jamn fordeling. Sidan det er fleire bokmålsbrukarar enn nynorskbrukarar i Noreg, vert det truleg naudsynt å omsetje nokre av følgjetekstane frå bokmål til nynorsk. Ein må drøfte korleis ein løyser dette endeleg når artiklane er klare og ein veit kven som skal skrive følgjetekstane.

Omsetting og godt språk

Artiklane i samlinga skal vere eit forbilde på språkleg stil og terminologibruk. Ein må difor sikre at språket i artiklane er godt, og det er difor heilt avgjerande at omsettinga frå engelsk eller andre språk vert gjort av kyndige personar. Ei utfordring er at den som omset, må kjenne fagfeltet

artikkelen er henta frå, i tillegg til å vere ein stødig språkbrukar. Det må difor vere norskkunnige på det aktuelle fagfeltet som gjer omsetjingsarbeidet. Det kan til dømes vere masterstudentar, post doktorar eller liknande. Dei som omset, må få betalt for dette. Ein kan bruke Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening sine takstar. I omsetjingsprosessen kan ein støyte på omgrep som manglar norske termar. Ein kan då vende seg til terminologiarbeidet som alt er under arbeid, og resultatet kan bli eit fruktbart samarbeid som baa tener på³. Den norske teksten må uansett korrekturlesast etter at omsettinga er gjort slik at språk og teiknsetting vert korrekt. Artiklar som er på norsk i utgangspunktet, om ein har med slike, må gå gjennom ei språkleg kvalitetssikring.

Digitalt / på papir og distribusjon

Det siste ein må drøfte, er korleis artikkelsamlinga skal bli publisert. Her er det tre alternativ:

1: digitalt

2: på papir

3: ein kombinasjon

Alternativ éin er billegast. Når ein publiserer digitalt, treng ein ikkje betale for trykking og distribuering. Det er ein økonomisk fordel. Ein annan fordel med å publisere digitalt, er at artikkelsamlinga vil vere lettare tilgjengeleg. Ho kan vere billegare, og kanskje til og med gratis, om ho ligg på nett. At samlinga skal vere tilgjengeleg, er eit viktig prinsipp. Ein kan sjå det i samband med universiteta sitt ansvar for å gje ny kunnskap til samfunnet og knytte det til ein demokratisk tankegang. Det lettar også studenten sin tilgang til eit godt norsk fagspråk. Eit problem som melder seg dersom ein vil publisere noko digitalt, er å få rett til å gjere det. Tekstar som ligg på nettet er som nemnt lettare tilgjengelege, og det kan gjere det vanskeleg å få lov til å publisere allereie publiserte artiklar. Opphavspersonen og -forlaget kan setje foten ned i frykt for auka konkurranse. Det gjeld særleg for artiklar skrivne av utanlandske forskarar, men vonleg vil det hjelpe at norsk er eit lite språk, og at den norske versjonen soleis ikkje vil utkonkurrere den engelske.

Alternativ to, å gje ut samlinga på papir, er dyrare. Ein har då fleire og større utgifter, men fordelane kan vege opp for dette. Eit produkt ein fysisk kan halde i henda har i dag truleg meir status enn det som ligg på nettet. Status er viktig fordi ein ønskjer at det skal vere ei ære å kome med i samlinga. Det er ein fordel fordi det lettar samarbeidet med forskarane og kan kaste glans over det norske fagspråket. Ein annan fordel med å ha samlinga på papir, er at ho kan stå i hyllene på universitetsbiblioteka rundt om og på studentbokhandlarane. Det er med på å gjere ho tilgjengeleg, og det gjev blest.

³ På sikt vil omsetting engelsk-nynorsk/bokmål vere ein perfekt jobb for universiteta sine eigne språksenter, men det er langt att til ein er der.

Det tredje alternativet er ein kombinasjon av dei to drøfta over. Tanken er at ein kan trykke nokre eksemplar på papir parallelt med at samlinga vert publisert digitalt. Då kan ein oppnå fordelar med begge publiseringsmåtane, det vil vere billegare, samstundes som samlinga kan få status. Det er også mogleg å lansere ein eigen nettstad. Han kan medverke til at prosjektet ikkje vert statisk, og det kan lette tilgjenge til artiklane og følgjetekstane. Pressa kan gå til nettstaden i jakta på ny norsk forskning som dei meiner folk flest burde få vite om. Dersom artiklane er digitalt tilgjengelege frå dei som drifrar samlinga, står ein også sterkare i konkurransen mot digitale samlekompendium (tidlegare omtala som Bolk).

For å lande på ein publiseringsmåte, må ein vite meir om dei økonomiske rammene. Kor mykje ein har å rutte med, påverkar kor mykje pengar ein kan nytte til trykking. Det er også slik at ein for å søke støtte visse stader må vere eit trykt produkt. Det gjeld mellom anna Lærebokutvalget for høyere utdanning. Her kan ein potensielt få mykje støtte, men samlinga må altå kome ut på papir for at ein skal få støtte. Det er primært trykkestøtte ein får. Støtteordningar som denne verkar inn på vala ein gjer, og i dette tilfellet veg ei eventuell støtte frå Lærebokutvalget tungt. Det er også viktig å ta omsyn til kven ein skal nå ut til, og kva publiseringsmåte som vil treffe mottakaren når ein skal avgjere publiseringsform. Uansett kva modell ein vel, kan ein undersøke om det er mogleg å samarbeide med ein allereie etablert publikasjon. Denne kan til dømes trykke følgjetekstane og samlinga vil soleis gje merksemd. Ein annan idé som har kome opp i arbeidet med prosjektet, er å gjere det til eit prestisjeprosjekt med konferanse og sentrale aktørar som statsrådar og språkdirektøren til stades. På ein slik konferanse kan ein presentere prosjektet og dei konkrete artiklane og på den måten skape positiv merksemd.

Korleis forskarar kan publisere forskinga si, er i endring. Mange kjenner til Open Access (OA) eller Open tilgang. Det går ut på at forskning skal vere gratis tilgjengeleg via internett. Argumenta for OA er mangslungne. Det vert mellom anna argumentert med at forskning bør vere tilgjengeleg for ålmenta sidan ho er offentleg finansiert. Argumentasjonen har mykje til felles med argumentasjonen for artikkelsamlingane og for kvifor dei skal vere gratis. Om OA vert meir utbreidd i framtida, er det aktuelt å publisere samlingane på denne måten.

7 Argumentasjon

Gjennom førre kapittel vart det argumentert for kvifor ei artikkelsamling er eit godt tiltak. Storparten av argumenta er dimed kjende, men det er likevel nyttig med ein meir oversiktleg presentasjon. Ein kan grovt dele inn i tre kategoriar: språkargumentet, demokratiargumentet og nynorskargumentet. Argumentasjonen er basert på argument som har kome fram i samtalar med sentrale personar, og på argumentasjonen for norsk fagterminologi presentert i *Mål og meining* (St.meld. 35 2008: primært 102–104).

Språkargumentet

Ein stadig større del av norsk forskning vert publisert på engelsk. Eit resultat av dette er at det vert mindre tilgang på norskspråkleg faglitteratur, særleg på høgare nivå. Det vil seie at studentar og andre som skal tileigne seg eit fag, må gjere det på engelsk. Når dei deretter skal skrive fagartiklar sjølve, kjenner dei ikkje det norske fagspråket godt nok. Dei manglar skriftlege føredøme. Ikkje berre manglar dei norsk fagterminologi, dei manglar også eit norsk stilideal. Sistnemnde er det ekstra vanskelega å få tilgang til. Grunna dette treng studentar og andre eit føredøme, og artikkelsamlinga vil fylle denne rolla.

Dersom samlinga kjem ut årleg, vil ho etter kvart generere mange føredøme. Når desse kjem på felt der det er få eller ingen forskingsartiklar på norsk, vil samlinga kunne spele ei viktig rolle. I dag tyr mange til engelsk fordi det er det som er "norma", men med konkrete føredøme kan ein også finne ei alternativ "norm". Her må ein merke seg at språkval er knytte til fagkultur, og at fagkultur er vanskeleg å endre. Artikkelsamlingane vil uansett medverke til å utvikle ein norskspråkleg sjanger innanfor fagfelt som ikkje har det i dag. Dette vil soleis vere med på å motverke domenetap, og det kan også setje fart på terminologiarbeid. Artikkelsamlingane vil fungere som ei slags motvekt til den sterke engelskdominansen, og dei vil vere med på å skape eit grunnlag for norsk fagspråk på lengre sikt. I *Mål og meining* (St.meld. 35 2008: 104) vert det hevda at det norske språket lettare vil kunne utvikle seg, særleg i ordforråd, når ein har norsk fagterminologi. Sjølv om dette prosjektet ikkje primært dreier seg om terminologi, vil artikkelsamlinga spele ei sentral rolle i ein slik større samanheng.

Demokratiargumentet

Mykje forskning er ikkje av allmenn interesse. Denne forskinga blir ofte formidla til andre forskarar på engelsk, eit lingua franca i mange akademiske miljø. Samstundes er det eit viktig demokratisk prinsipp at alle skal ha tilgjenge på ny informasjon. Noko forskning er interessant og relevant også

for eit breiare publikum, for ikkje å gløyme den ferske studenten som ikkje har tileigna seg det engelske fagspråket. At ny forskning berre er tilgjengeleg på engelsk, vert dimed eit demokratisk problem. For folk flest og ferske studentar er det vanskeleg å få tilgang til engelskspråkleg forskning. Det same gjeld for pressa, som spelar ei sentral rolle i eit demokrati. Det er viktig at ho har tilgang til ny forskning slik at ho kan formidle viktige funn vidare til folk gjennom media.

Samlingar med dei beste, mest sentrale norske og/eller utanlandske forskingsartiklane på norsk vil gjere norsk forskning tilgjengeleg. Pressa vil vite kvar dei skal leite etter god forskning på deira eige språk, slik at informasjon kan bli formidla vidare. Andre som er interesserte i å halde seg oppdaterte, vil også kunne gå rett til kjelda og sjølv lese artiklane. Når det norske forskingsspråket ved hjelp av artikkelsamlinga vert styrkt, vert det også lettare for forskarane sjølv å popularisere og formidle eiga forskning. Det er eit demokratisk gode. Demokratiargumentet vert også løfta fram i *Hvor parallelt?*. Innhaldet der samsvarer med det som er peika på her, men det vert i tillegg løfta fram eit anna poeng: Ny forskning må bli formidla slik at samspelet mellom grunnforskning, praktisk retta forskning og teknologi blir effektivt. På den måten kan samfunnsutviklinga gå framover på grunnlag av forskingsfunn. Det demokratisk problem oppstår dersom samspelet mellom ledda vert vanskelegare gjennom auka bruk av engelsk og funna forskarane har gjort ikkje kjem til nytte (Gregerson 2014: 19).

Nynorskargumentet

Norsk forskingsspråk rommar både nynorsk og bokmål. Ein har sett at det nynorske forskingsspråket står særleg svakt, og at dette er noko statlege styresmakter gjerne vil endre på. Få forskarar skriv på norsk, og om dei fyrst gjer det, vil det i dei fleste tilfelle seie bokmål. Difor kan ein ikkje setje si lit til at forskarar sjølv sikrar det nynorske forskingsspråket. Ein må ty til andre metodar, og her kjem artikkelsamlingane inn. Dei skal innehalde omsette artiklar, og når ein først skal setje om frå engelsk til norsk, kan ein like godt gjere det til både nynorsk og bokmål. Dette vil vere eit stort løft for det norske forskingsspråket generelt og for nynorsken spesielt.

Artikkelsamlingane vil løfte fram både nynorsk og bokmål i eitt og same prosjekt, utan at det inneber ekstraarbeid eller ekstra ressursar. Tal syner at mange studentar går frå å vere nynorskbrukarar til å bli bokmålsbrukarar (Grepstad 2015: kap. 10). Artikkelsamlingane kan også vere med på å motverke slike målbyte gjennom at dei nynorskbrukande studentane får sett språket sitt i bruk på eige fagfelt og får hjelp til å finne god nynorsk fagterminologi.

Andre argument

Mål og meining presenterer parallellspråklegheit som svaret på utfordringa med å handtere tilhøvet

mellom engelsk og norsk. Samstundes har ein sett at det er i praksis er vanskeleg å gjennomføre god parallellspråkbruk. Jacob Thøgersen (2010) er ein av dei som diskuterer korleis ein kan gjere det. Han ser fleire utfordringar, men han understrekar at parallellspråkbruk *er* mogleg, særleg i skrift. I tale kan ein ikkje nytte to språk heilt samstundes, men det kan ein i skrift. Det er altså mogleg å ha direkte parallellspråklegheit. Artikkelsamlingane vert eit bevis på at dette går gjennom at dei skal romme tekstar i norsk språkdrakt som alt finst på engelsk. Dei siste åra har ein diverre sett få døme på klok parallellspråkbruk som styrkjer norsk fagspråk. Det er difor viktig å ha konkrete døme på parallellspråkbruk som fungerer, og artikkelsamlingane er nettopp det. Staten sitt svar på utfordringane finst på papir og elles i lita grad i praksis, men her vert ei mogleg løysing skissert. Ein kan også løfte fram fordelene artikkelsamlingane har i form av å vere gulrot og ikkje pisk. Forskarar og andre tilsette i høgare utdanning står overfor mange krav, og det er ein evig kamp om tid og midlar. Dette er ei av utfordringane når parallellspråklegheit skal bli sett ut i praksis, men artikkelsamlinga krev lite av forskaren. Derimot får han noko att gjennom at funna hans vert formidla vidare, og at han får æra av å vere med i samlinga.

Bakt inn i alle argumenta presenterte over, ligg det samfunnsansvaret universitet og høgskular har. Dette er mellom anna lovfesta i universitets- og høyskoleloven, særleg punkt e og d under paragraf 1-3 (Lovdata 2015). Utdanningsinstitusjonane skal gje noko attende til samfunnet gjennom å mellom anna utdanne fagpersonar og formidle viktig forskning. Ein treng eit godt norsk språk for å gjere dette. Legar, sjukepleiarar, lærarar, psykologar, kommunikasjonsrådgjevarar og pedagogar skal alle omgåast folk i sitt daglege virke, og dei vert ikkje gode fagpersonar om dei ikkje klarer å formidle faget sitt til utanforståande. Det er universitet og høgskular sitt ansvar å gjere studentane i stand til det. Skal samfunnet utvikle seg, er ein avhengig av forskning og formidling. Universiteta har eit særleg ansvar for å formidle forskning som er relevant og viktig for at samfunnet skal gå framover. Ein kan trekke liner frå arbeidet som vert gjort med terminologi og formidling til sluttbrukaren: Elevar i grunnskulen treng eit språk å lære på, og pasientar må forstå kva sjukdom som har råka dei. At universitet og høgskular har eit ansvar for språk, er i tillegg til å vere bakt inn i samfunnsansvaret, slått direkte fast i paragraf 1–7 i universitets- og høgskulelova: "Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk."

I Norden er det, i motsetnad til i til dømes USA, skattebetalarane som finansierer utdanningsinstitusjonane. Det gjer den nordiske modellen annleis og fører med seg eit anna ansvar, og eit ansvar det kan vere problematisk å følgje i møte med internasjonal konkurranse og publiseringsspress. Presset frå ulike kantar er sterkare enn vektlegginga av samfunnsansvaret, og arbeidet for å oppfylle ansvaret tapar mot arbeidet med publisering og internasjonalisering. Det er

difor viktig å setje i verk tiltak som kan gjere det lettare for utdanningsinstitusjonane å ta ansvaret dei har, og artikkelsamlinga er eit slikt tiltak.

8 Eit prøveprosjekt

Tidlegare i rapporten har ein sett modellar for korleis artikkelsamlinga kan vere. Ein har sett på kva artiklar ho skal romme, kva målgruppe ein rettar seg mot og kven som skal drive prosjektet og så bortetter. I dette kapittelet får alle spørsmåla, så langt det er mogleg, eitt svar. Saman dannar dei eit konkret framlegg til korleis ei artikkelsamling kan sjå ut. Dette er altså éin av fleire måtar å gjere det på, men gjennom argumentasjon vert det freista å syne at det er den beste måten. Kapittelet dannar grunnlaget for eit prøveprosjekt.

Vala ein tek i organiseringa av prøveprosjektet, verkar inn på korleis ein kan argumentere for den første artikkelsamlinga. I rapporten er det presentert ei rekkje argument, men vektlegginga av dei ulike argumenta bør formast etter korleis samlinga vert til slutt. Til dømes er demokratiargumentet noko sterkare dersom samlinga er retta mot folk flest og pressa enn mot studentar. Det sterke pensumfokuset og eit ønske om å selje samlinga svekkjer demokratiargumentet, men ikkje i så stor grad at det ikkje er gyldig. Poenget er at ein må vektlegge ulike sider ved argumentet.

Språkargumentet og nynorskargumentet, på den andre sida, vert styrkte når målgruppa er studentar. Argumentasjonen må altså tilpassast den endelege forma på artikkelsamlinga, for ikkje å gløyme aktøren ein vender seg til.

Artikkelutval

Det første som må på plass i eit prøveprosjekt, er kva artiklar den første samlinga skal romme. Mykje talar for at det er best at ho inneheld artiklar av både norske og utanlandske forskarar. Argumenta for å ha med norske forskarar er språkpolitisk viktige, men for å lukkast må ein også tenkje økonomisk. Difor må ein også ha med artiklar av utanlandske forskarar. Det gjer det lettare å kome inn på pensum, som igjen betrar økonomien til prosjektet. Av same årsaker meiner eg at samlinga må romme artiklar som er relevante for studentar, og at dei må vere hovudmålgruppa. Studentane har ikkje lese artikklane i engelsk språkdrakt før dei byrjar på studiet, og ein kan dimed presentere den norske versjonen som den det er naturleg å nytte. Dei vil lære norsk terminologi som dei kan nytte i yrkeslivet, og det norske språket vil lette læringa deira. Artikklane bør vere aktuelt pensum på bachelornivå. Det er på dette nivået ein kan nå flest studentar og det er her det er mest realistisk at norsk språk kan ha ein sentral plass.

Det er best om den enkelte samlinga dekkjer eitt fagområde. Då vert ho meir relevant for lesarane ho er retta mot, og det er lettare å kome inn på pensum. Pensumrelevansen må vege tyngst også i spørsmålet om utveljing. Difor må ein gå for kanoniske artiklar som er grunnleggjande lesing på det

aktuelle fagfeltet.

Den første samlinga bør innehalde artiklar frå det medisinske feltet. Å ha eit medisinsk fagspråk på norsk er viktig av både språklege og demokratiske årsaker. Legar og sjukepleiarar skal formidle kunnskapen sin til folk flest, og dei må ha eit godt norsk språk å gjere det på. Prosentdelen publisering på norsk er relativt stabil på det medisinske feltet, han låg på 17 prosent i 2009 (Språkrådet 2012: 25). Det er viktig å merke seg at det er ein skilnad mellom legestudiet og sjukepleiestudiet sidan norsk språk står sterkare i høgskulesektoren. Siktar ein seg inn på det første året på medisinstudiet, er undervisninga i stor grad den same for lege- og tannlegestudentar. Det vil seie at studenttalet vert høgare enn om ein berre sikta seg inn på medisinstudentane, og det er positivt for økonomien i prosjektet. Ein vil difor tene på at innhaldet i samlinga er relevant for både studentgruppene. Når det gjeld språk i samlinga, er argumenta for at både nynorsk og bokmål skal vere representert sterke. I prøveprosjektet er det difor best å gå for ei lik fordeling på 50 prosent nynorsk og 50 prosent bokmål. Då vert samlinga eit tiltak for norsk fagspråk, men nynorsk får ein forholdsvis stor plass.

Den første samlinga bør som nemnt dekkje det medisinske fagfeltet, og dei mest kjende norske forskarane på feltet er May-Britt og Edvard Moser. Dei fekk tildelt Nobelprisen i medisin for 2014 og har blitt nasjonalt kjende for dette. Det er ikkje naudsynt at alle artiklane i samlinga er pensumrelevante, så forskinga frå Moser-paret kan bli vurdert uavhengig av dette. Den aktuelle artikkelen vil ha ein annan funksjon for samlinga enn å kvalifisere ho for Lærebokutvalget og få ho inn på pensumlister. Ho vil snarare styrkje statusen til og merksemda kring samlinga, og det er viktig. Som tidlegare nemnt bør artikkelsamlinga innehalde tekstar studentane skal lese dei første studieåra. Dei første emna er i mange tilfelle fellesemne for medisin, odontologi og i nokre tilfelle ernæring. Dette gjelv sjølvsagt berre ved utdanningsinstitusjonar som tilbyr eitt av dei andre studia i tillegg til medisin. Dersom den første samling vert retta mot desse studentane, kan ho potensielt nå mange. Her er nokre aktuelle emne å rette seg mot (henta frå 2015): MED-1501(UiT), MEDOD1 (UiB), MED1100 (UiO), OD1100 (UiO), ERN1100 (UiO), MD4011 (NTNU).

Utveljinga av artiklar må bli gjort av personar som kjenner fagområdet og veit kva tekstar som er sentrale. Dette er som alt synt ein betre utveljingsmåte enn å velje ut frå tal på siteringar.

Utfordringa er at det er vanskeleg å vite kva tekstar som er viktigast, og å ikkje å bli påverka av andre faktorar i prosessen. Det er difor viktig at eit utkast til innhald vert sendt rundt i fagkrinsen og godkjent av fleire personar. Det er med på å sikre samlinga sin relevans. Dersom samlinga vert ein suksess og ein treng eit større opplag, kan ein revurdere innhaldet og byte ut nokre artiklar om

naudsynt.

Kven som vel ut artiklane, avheng av korleis prosjektet vert drifta. Dersom eit forlag har ansvaret, gjer fagfolk i forlaget jobben. Om ikkje, må han bli gjort av ei utveljingsnemnd. Forskarar som har skrive artiklar som skal med i samlinga, kan ikkje sitje i nemnda. Ein treng altså mange personar frå det same fagfeltet for å kome i mål med ei samling: artikkelforfattarar, følgjetekstforfattarar, fråsegnskrivarar (Læreboksutvalget) og nemndmedlemer (dersom ikkje eit forlag tek på seg utveljinga). Det er ei utfordring når fagfeltet er smalt, så det kan vere ein idé at nemndmedlemene sjølve skriv følgjetekstar. Nemnda skal velje ut om lag 10 artiklar og grunngje valet av kvar enkelt av dei. Fråsegnskrivarane skal vere uavhengige, noko som kan vere vanskeleg å finne sidan samlinga skal ha artiklar frå ulike utdanningsinstitusjonar. Eit alternativ er å unngå å ha med forskarar frå éin av institusjonane som har medisinstudium, og få ei fråsegn frå ein fagperson herifrå. Det er lettare å finne desse personane dersom ein først har artikkelutvalet klart. Då kan ein sjå kva institusjonar som ikkje er representerte i samlinga og lettare finne fagpersonar som kan skrive fråsegn. Det er særskild viktig at det i fråsegnene går fram at samlinga er pensumrelevant på bachelornivå, så dei som uttaler seg, bør undervise på dette nivået.

Digitalt eller på papir?

Det neste spørsmålet er om den første artikkelsamlinga skal vere trykt på papir og/eller om ho skal vere tilgjengeleg digitalt. Her er det mykje som spelar inn: tilgjenge, kjøp av rettar, gratis tilgjengeleg for lesaren vs. behov for inntekter og så bortetter. Det er ikkje slik at dei to utelukkar kvarandre, det digitale kan til dømes kome på eit seinare tidspunkt i prosessen. Økonomi spelar ei stor rolle. Ein har sett at det er mogleg å få støtte frå Lærebokutvalget for høgere utdanning til trykking. Det er i tillegg mogleg å legge inn omsetjings- og korrekturkostnadar, to stor utloger i dette prosjektet. Det vil difor vere viktig å få støtte frå utvalet, i alle fall i prøveprosjektet, og det talar for at samlinga bør kome ut på papir. Ei trykt artikkelsamling er også lettare å vise fram til andre, og det er lettare å løfte samlinga fram som noko særeige og viktig når ho er på papir. Vert samlinga ikonisk, kan det i neste ledd styrkje statusen til det norske fagspråket. Samlinga kan bli ei inspirasjonskjelde til formidling på norsk. Å freiste å gje ho status vil difor vere viktig i det vidare arbeidet etter prøveprosjektet. Det negative er at studentar må betale for samlinga når ho kjem ut på papir, men i prøveprosjektet er det truleg eit naudsynt vonde for at prosjektet skal gå rundt økonomisk.

Drifting og økonomi

Det viktigaste, men også det vanskelegaste er å få på plass drifting og økonomi. Her er det inga

tydeleg løysing, og det er fleire spørsmål enn gode svar. Framlegget skissert under gjeld prøveprosjektet. Ein kan dele inn i to alternativ: Språkrådet får finansiering frå Kulturdepartementet og set arbeidet ut til eit forlag, eller prøveprosjektet vert finansiert av ulike støtteordningar. Alternativ éin også kan vere ei fast organisering.

Det første alternativet byggjer på at det er lite realistisk å klare å publisere samlinga utan at nokon har tatt på seg å eige og drive prosjektet, og at ein difor treng nokon som sit med hovudansvaret. Basert på innspela som har kome, kan ein hevde at det bør vere Språkrådet. Får dei tilstrekkeleg med økonomisk støtte, kan nokon der ha ansvaret for prosjektet. Sjølve drifta kan setjast ut til eit forlag sidan det er her kompetansen til å publisere ei artikkelsamling ligg. Forlaget må få eit tydeleg oppdrag, og det må kome to år før samlinga skal vere på marknaden. Forlaget si oppgåve vert å velje ut artiklar, omsetje og korrekturlese, sette og gje ut samlinga. Eit forlag vil lettare kunne ta på seg oppdraget når Språkrådet er oppdragsgjevar fordi det i det ligg ein lovnad om kontinuitet og forplikting. Dette er det beste alternativet, men det har kome signal om at Språkrådet ikkje har midlar til å ta på seg arbeidet. Det er difor naudsynt å ta tida til hjelp. Ein må selje inn prosjektet til Språkrådet og overtyde dei om å legge press på kulturdepartementet. Det vil ta tid, men dette prosjektet er ikkje avhengig av å bli realisert snarleg, så det treng ikkje vere eit hinder. Ein bør difro jobbe for at Språkrådet tar på seg ansvaret for artikkelsamlinga, og at midlane kjem til dei frå kulturdepartementet. Forlaget som produserer samlinga på oppdrag frå Språkrådet, kan søke Lærebokutvalget for høyere utdanning om støtte.

Sidan den første artikkelsamlinga skal ha artiklar frå det medisinske fagfeltet, må ein finne eit forlag som har kompetanse innan det. Det er truleg Gyldendal som trekkjer det lengste strået her. Det er eit forlag der nynorsken står svakt, og det er difor særst viktig at ein krev at 50 prosent av artiklane, og helst også følgjetekstane, er på nynorsk. Dersom samlinga vert ein suksess, og ein skal halde fram, kan ein lyse ut oppdraget på nytt kvart år slik at ein får det forlaget som har mest kompetanse på det aktuelle fagfeltet.

Alternativ to har som utgangspunkt at ingen vil ta på seg ansvaret for eit prøveprosjekt, og at det difor må vere fullfinansiert og stå på egne bein. Ein må søke om enkeltsummar til å dekkje utgiftene med prosjektet, og når ein ikkje er direkte knytt til ein institusjon, må ein ha ein uavhengig prosjektansvarleg som koordinerer arbeidet. Denne personen skal samle ei nemnd, styre møta i nemnda, ha kontakt med omsetjarar, korrekturlesarar, settarar og trykkeri. Sidan prosessar som dette, med møte, omsetting, korrektur, trykking og så bortetter, går over tid, er det lite truleg at personen kan vere løna i full stilling i heile perioden. Det beste er at prosjektansvarleg får ein

bestemt sum for å gjennomføre prosjektet, og at han gjer arbeidet parallelt med eventuelt anna arbeid han har. For å få midlar til å dekkje denne summen, kan ein vende seg til Fritt Ord. Dei er ein stor aktør som rår over store midlar, og det er difor lurt å vende seg til dei for å få dekt store utgiftspostar. Vidare treng ein å dekkje utgifter til omsetjing, korrektur, setting, trykking, distribusjon med meir. Lærebokutvalget for høgere utdanning støttar omsetjing, korrekturlesing og trykking, og det er difor fornuftig å søke dei om å dekkje desse utgiftene. Når ein vel å gjere det, vel ein også automatisk å gå for ei trykt samling sidan det er det utvalet støttar. Ei eventuell digitalisering kan kome seinare. Det er viktig å evaluere valet om å trykke samlinga på papir når prøveprosjektet er over. Dei resterande utgiftene kan ein søke Skuleboknemnda i Studentmållaget i Oslo om støtte til. Nemnda har støtta arbeidet med denne rapporten og har allereie vist ei tru på prosjektet. Det kan ein byggje vidare på.

Det er mange utfordringar med å organisere prøveprosjektet slik alternativ to legg opp til. For det første manglar ein ein tydeleg oppdragsgjevar og eigar. Det er ingen å rapportere til og ingen som står med det økonomiske ansvaret. Prosjektkoordinatoren står heilt på egne bein, og han/ho vil truleg ikkje ha tilstrekkeleg med kompetanse på alle område som arbeidet vil innebere. Dette fører oss over på den andre utfordringa: Prosjektet manglar eit ansvarleg forlag. Det er utfordrande fordi ein utan eit forlag manglar ein brei kompetanse og er avhengig av at alt arbeidet vert gjort under prosjektkoordinatoren før ein sender samlinga til trykking. Det er også vanskelegare å få finansiering når ein ikkje er knytt til eit forlag. Støtteordningar, som til dømes Lærebokutvalget, krev å få vite kva forlag som er ansvarleg for prosjektet, og utgangspunktet deira er at forlaga sjølve driftar prosjekta som får støtte. Ein er også avhengig av at alle aktørane vel å gje si støtte, sidan det ikkje hjelper med produksjonsstøtte om ein ikkje har midlar til løn. Det er vanskelegare å få støtte når dei ein søker om pengar hjå, ser kor avhengig prosjektet er av at fleire aktørar vert med på laget. Få vil kjenne seg trygge på eit lappeteppe som dette. Det er også slik at alle støtteordningar krev rapportering i ettertid. Når ein ikkje har nokon som har ansvaret for prosjektet, har ein ingen som kan rapportere inn. Det er eit stort problem. Alternativet har likevel fått ein plass i denne rapporten sidan mykje av det kan nyttast også gjennom andre organiseringsmåtar. Får ein nokon til å ta på seg ansvaret, kan ein prøve å skaffe inntekter på måten skildra over. Det er også mogleg for Språkrådet å søke støtte hjå dei nemnde aktørane.

Neste steg

Når prøveprosjektet er realisert, må ein evaluere det. Ein må studere korleis artikkelsamlinga har blitt mottaken, gå grundig gjennom den økonomiske sida ved prosjektet og drøfte om ein skal byrje arbeidet med ei neste artikkelsamling. Dersom svaret er ja, må ein få på plass ei fast finansiering,

eventuelt ein mellomting: ei finansiering av eit nytt femårig prøveprosjekt der målet er å gje ut fem nye samlingar. Eit prøveprosjekt over fleire år gjev rom for å bygge opp kjennskapen til samlinga slik at artiklar i ho lettare kjem inn på pensum. Dersom samlinga får status, vil ein ikkje måtte jobbe like hardt for å marknadsføre kvar nye samling sjølv om fagfeltet er nytt.

Kven som kan eige, drive og finansiere det vidare arbeidet, er dels avhengig av korleis den første samlinga vart organisert. Dersom Språkrådet stod bak, er det ønskjeleg at dei held fram med arbeidet. Dersom dei ikkje var involverte, bør ein prøve å selje inn samlinga til dei og få dei til å ta over eigarskap og finansiering. Det har også kome fram at Universitets- og høgskulerådet er ein sentral aktør, så ein kan undersøke om ein kan involvere dei. Dess meir vellukka prøveprosjektet er, dess lettare vert jobben vidare.

9 Økonomi

Det er vanskeleg å gje eit overslag over økonomien når ikkje alle rammene er på plass, men for å få eit inntrykk av kva ein står overfor, gjer ein eit forsøk. Ein må gjere eit grundigare arbeid når ein skal setje prosjektet ut i livet. Overslaga under gjeld prøveprosjektet. Dersom prosjektet vert organisert etter alternativ éin, vil mykje av arbeidet gå inn i det daglege arbeidet til eit forlag. Utgiftspostane og tala kan likevel vere til hjelp sidan dei gjev eit inntrykk av kva jobben til forlaget inneber, og kva det må få av støtte for å gjere jobben. Utlogene byggjer på at ein skal trykke 500 eksemplar av samlinga, og at ho skal vere i A4-format.

Utloger:

Lønsutbetaling til den/dei som arbeider med prosjektet

Dette avheng av organiseringa. Truleg må ein tilsette nokon eller dekkje lønsutgiftene til nokon i eit forlag. Den samla summen avheng også av kor lenge personen skal arbeide, og kor mykje han/ho skal ha i løn. Dersom ein organiserer prosjektet etter alternativ to, vil det truleg ikkje vere arbeidsoppgåver nok til å ha nokon i 100 prosent engasjement i heile perioden. Personen må få ein bestemt sum og forplikte seg til å koordinere arbeidet til samlinga er komen på marknaden. For å gjere eit overslag kan ein tenkje seg ei arbeidsmengde som tilsvarer tre månadsverk. Etter NFF sine satsar vil lønsutgiftene vere 81000 kr.⁴

Godtgjersle til artikkelforfattarane

Den samla summen avheng av kor mange artiklar samlinga skal innehalde, og kor mykje artikkelforfattarane eventuelt tek betalt. Norske forskarar tek sjeldan betalt for eigne forskingsartiklar, men det er mogleg at dei utanlandske gjer det. Det beste er om ein kan bruke artiklane utan å betale. Dette kan difor spele ei rolle i utveljinga, men bør helst ikkje gjere det sidan det er viktig å få med dei mest sentrale artiklane og ikkje late seg påverke av andre faktorar. Det er umogleg å lande på ein sum her når ein ikkje veit kva artiklar ein skal ha med, kven som har skrive dei og kva dei eventuelt krev av godtgjersle.

Godtgjersle til tidsskriftet som fyrst trykte artikkelen/kjøp av rettar

Mange internasjonale tidsskrift tek betalt for tekstar som har vore på trykk. Ein må altså betale for å kjøpe retten til å trykke artikkelen på nytt. Truleg er dette særleg aktuelt når artikkelen skal setjast

⁴ Alle satsane er gjeldande i november 2015. Desse kan endre seg.

om til eit anna språk. Storleiken på denne posten avheng av tal på artiklar, i tillegg til kva dei enkelte tidsskrifta tek. Det har vore svært vanskeleg å finne informasjon om kva det vil koste når ein ikkje har konkrete artiklar eller veit kva tidsskrift dei har vore på trykk i. Nokre av dei som har uttalt seg i prosjektet, meiner at det vil koste kring 2000 kr å kjøpe retten til éin artikkel. Dersom ein gangar det med 10 artiklar, får ein ein samla sum på 20 000 kr. Det er eit overslag ein kan nytte i eit eventuelt budsjett.

Omsetting og korrektur

Ein kan bruke NFF sin omsetjingstakst for å løne ein omsetjar: 194 kr per 1000 teikn medrekna mellomrom. For å vite den samla summen, må ein vite talet på artiklar og kor lange dei er. Det er informasjon ein ikkje har på dette tidspunktet, men for å lage eit overslag kan ein ta utgangspunkt i at det er 10 artiklar og at dei er på 10 sider kvar, til saman 100 sider. I tillegg kjem følgjeteksten, men han er alt i norsk språkdrakt og er dimed ikkje med i reknestykket. Då står ein att med eit samla sidetal på 100 sider. I snitt vil ei A4-side ha om lag 3000 teikn medrekna mellomrom. Det vil seie at ein må gange 194 med 3 for å få pris per side, for deretter å gange den summen med 100 sider. Då får ein ei samla omsettingsutgift på 58 500 kr. Det er også slik at tekstvolumet pleier å auke som følgje av omsetjinga, og at omsetjingshonoraret skal reknast ut frå omfanget på den norske omsetjinga. Ein bør difor legge til 10 % i kalkylen, og den samla omsetjingskostanden vert då 64 350 kr. Dette er eit overslag ein kan nytte i eit eventuelt budsjett, så må summen reknast ut på nytt når innhaldet i samlinga er klart. Det kan også hende ein må omsetje nokre av følgjetekstane frå bokmål til nynorsk. Satsane for slik omsetjing er 75 prosent av dei for omsetjing engelsk-norsk, altså 145,50 per 1000 teikn medrekna mellomrom. For å rekne ut ein samla sum må ein vite kor mange følgjetekstar det gjeld og kor lange dei er. Sidan ein ikkje veit om det vert aktuelt med slik omsetjing og kor mykje tekst det vil gjelde, vert det ikkje presentert eit overslag her.

Sidan språket er sentralt i dette prosjektet, er det naudsynt å ha ei særleg god korrekturlesing av tekstane etter at dei er omsette. Ein kan nytte ein frilansar til dette og betale han etter rettleiande takstar for frilandsarbeid. Det er grovt rekna 120 sider som skal korrekturlesast⁵. Ein kan rekne at ein korrekturlesar klarer å lese ti sider i timen, og at han dimed treng 12 timar. Det vil, basert på forlagstakstar per november 2015, koste 2616–2880 kr. Sidan kvaliteten på språket er særleg viktig i denne samlinga, bør vi gå for det øvre sjiktet, altså 2880 kr.

Trykking

Utgiftene i denne posten avheng av om artikkelsamlinga vert publisert digitalt eller ikkje og av

⁵ 100 sider artiklar + 20 sider følgjestsst. I utrekninga av trykkekostnaden er sidetalet sett til 160. Det er 40 sider meir enn vi reknar med her. I det talet ligg litteraturlister, blanke sider og ein sidebuffer i fall det vert meir tekst.

opplag og tal på sider. For å få støtte frå Lærebokutvalget må samlinga vere trykt opp, og ein vel difor å gjere det i prøveprosjektet. Det er dyrare, men utgiftene vert dekte av støtta frå utvalet. Kva format ein trykker samlinga i, påverkar også. Dersom ein går for A4-formatet, eit samla sidetal på 160 (100 + følgjetekstar, litteraturliste, innleiing og ein god margin) og trykkjer 500 eksemplar, vert trykkekostnaden 11 897 kr. I tillegg til dette kjem mva. og frakt.

Setting

Korleis ein gjer denne jobben, avheng av korleis samlinga vert drifta og finansiert. Det er mogleg å få hjelp av lokale krefter og dimed få utgiftene ned. Dersom ein skal setje ut arbeidet, må ein rekna om lag 30 kr per side. Er samlinga på 160 sider, vert summen om lag 4800 kr.

Distribusjon

Det er fleire måtar å distribuere artikkelsamlinga på. Dersom ho berre kjem ut digitalt, er bildet eit heilt anna enn om ho skal kome ut på papir. I prøveprosjektet skal samlinga bli trykt opp. Då kan ein til dømes nytte Forlagssentralen eller Sentraldistribusjon AS. Det kan vere det enklaste sidan desse kan lagre og distribuere samlinga og syte føre at ho automatisk kjem i den norske bokdatabasen. Ein kan rekne at distribusjonskostnaden tilsvare 10 prosent av inntektene. ,

Marknadsføring

Korleis ein marknadsfør samlinga, avheng av kven ein skal selje ho inn til. I prøveprosjektet er målet at nokre artiklar skal kome på pensum, og difor er det utgangspunktet her. Marknadsføring av pensum skil seg frå marknadsføring av annan litteratur. Ein går fram ved å ta kontakt med dei enkelte lærestadane og dei som underviser i dei aktuelle emna. Det er dei som avgjer kva som kjem på pensum, og det er hjå dei ein må selje inn samlinga. Sett vekk frå at det tek nokre arbeidstimar, er det kostnadsfritt.

Margin

I alle prosjekt må ein vere budde på uføresette utgifter. Summen bør samsvarer med 5 prosent av salsinntektene.

Moglege innkomer (desse er avhengige av kva summar ein søker om og kor mykje ein får tilsegn om):

- Støtte frå Lærebokutvalget for høgere utdanning

Dei støttar trykkekostnader, men ein må nytte utvalet sine egne kalkylar for å få ein eksakt sum.

- Støtte frå Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo
Dersom Skuleboknemndi skal dekkje kjøp av rettar, må ein få om lag 20000 kr i støtte frå dei. Det går truleg an å søke om støtte til andre utgifter også.
- Støtte frå Fritt Ord
Dersom Fritt Ord skal dekkje lønskonstnadane, må ein få om lag 81000 i støtte frå dei.
- Sal av artikkelsamlinga
Summen her vil avhenge av om ein kjem inn på pensum.
- Støtte frå Kulturdepartementet til Språkrådet
Dette punktet er uvisst, og det er umogleg å føre opp ein sum her. Dersom prosjektet får støtte frå Kulturdepartementet, er det ønskjeleg at den støtta dekkjer alle utgifter (kanskje sett vekk frå trykkeutgiftene som støtte frå Lærebokutvalget kan dekkje).
- Støtte frå andre organisasjonar, fond eller liknande

10 Konklusjon

Denne rapporten oppsummerer den norsk språkpolitikken på feltet høgare utdanning og forskning og kva stoda er i dag. Vidare vert det drøfta om ei samling fagartiklar på norsk kan vere ei motvekt til engelskbruken, og om ei slik samling kan vere eit positivt tiltak for norsk fagspråk. No er det på tide å konkludere.

Er det eit godt tiltak?

Basert på innspel frå fagpersonar og på drøftingar gjort i denne rapporten er konklusjonen klar: Artikkelsamlingar med fagartiklar i norsk omsetjing er ein god idé. Samlingane vil ikkje revolusjonere statusen til og bruken av norsk i høgare utdanning og forskning, men dei er eit godt tiltak som saman med fleire andre, kan ha stor nytteverdi. Samlingane er eit konkret døme på parallellspråklegheit, og dei er soleis i tråd med løysingane som vert presenterte i *Mål og mening*. Fordelen med samlingane er at norsk fagspråk vert teke i bruk og gjort tilgjengeleg for studentar og andre, og at språket vert brukt til å formidle norsk forskning slik at samfunnsansvaret til universiteta vert oppfylt og demokratiet styrkt.

Det er viktig å merke seg at ikkje alle som har uttalt seg i arbeidet med prosjektet har like stor tru på at artikkelsamlinga er eit godt tiltak for å nå måla presenterte i *Mål og mening*. Dei som ikkje har trua på prosjektet, meiner at forskingspublisering alt er ei «tapt sak», og at det ikkje nødvendigvis er så kritisk om ein manglar eit norsk forskingsspråk. Dei meiner at det er i undervisninga ein kan styrkje fagspråk og terminologibruk. Gjennom undervisning kan ein nå ut til studentane og syne dei det norsk språket. Ein må satse på formidling, både i forelesingssalen og gjennom allereie eksisterande kanalar. Då kan ein arbeide for det norske fagspråket heller enn forskingsspråket. Dei peikar på at det er eit kontinuum forskingsspråk-populærvitskap, og at det ikkje er sikkert at ein treng forskingsartiklar på norsk for at fagspråk på norsk skal overleve. Desse personane meiner difor at artikkelsamlingar ikkje er det rette tiltaket. Det er ikkje noko feil med samlingane i seg sjølv, men dei meiner at det er i undervisning og formidling ein må setje i verk tiltak.

Andre tiltak

Uansett om ein meiner at artikkelsamlingar er eit godt tiltak eller ei, er det interessant å også sjå på andre moglegheiter. Dei som har uttalt seg i prosjektet, fekk difor spørsmål om kva andre tiltak ein kan setje i verk. Det kom få konkrete framlegg. Alle er samde i at parallellspråkbruk er løysinga, men at det er vanskeleg i praksis. Ein må difor operasjonalisere omgrepet slik at ulike personar får ei likare oppfatning av kva det inneber. Nokre meiner at omgrepet sjølv har blitt eit grep for å

tåkelegget dilemmaet, og at det no berre er noko ein gøymer seg bak. Ei konkretisering av omgrepet og kva det inneber vil hjelpe på. Å lage handlingsplanar for den enkelte utdanningsinstitusjonen er eit mogleg tiltak, men det vil ha liten effekt dersom institusjonane sjølve ikkje er motiverte. Ein må inkludere det interne administrasjonsspråket ved utdanningsinstitusjonane i arbeidet med parallellspråklegheit. Det er avgjerande fordi ein må få med heile institusjonen og vere medvitne i alle ledd. Vidare vert det framheva at det må finnast norske publiseringskanalar for at norsk forskingsspråk skal løne seg og dimed verte brukt. Eit framlegg er å arbeide for å styrkje Skandinavia som publiseringsfellesskap. Dersom dei skandiaviske språka samlar seg og nyttar felles publiseringskanalar i større grad enn i dag, kan ein nytte dei skandinaviske språka. Då vert nedslagsfeltet utvida frå å gjelde Noreg og lesarar som kan norsk, til å gjelde heile Skandinavia. Ein kan til dømes lansere ei artikkelsamlinga som liknar på den som er greidd ut om i denne rapporten. Ho kan inneheld tekstar på ulike skandinaviske språk som alle er omsette frå engelsk. *Rhetorica Scandinavica: tidsskrift for skandinavisk retorikforskning* er døme på eit tidsskrift som vender seg til heile Skandinavia, og som ein kan hente inspirasjon frå.

Parallellspråksbruk må ikkje bli dobbeltarbeid for forskaren. Då vert det ikkje gjort, så ein treng støttfunksjonar som kan bidra til å sikre parallellspråkruk. Døme på slike funksjonar er forskingsbasert omsettingshjelp, språkvask, korrekturlesing og publiserings- og marknadshjelp. Utfordringar med den internasjonale publiseringsmarknaden vert også trekt fram. Fleire meiner at tellekantsystemet slik det fungerer i dag, er skadeleg. Det som gjev samfunnsnyttig kunnskap, er ikkje det same som skal til for å hevde seg på rankinga. Ein ønskjer at ein går attende til dei opphavlege intensjonane med ordninga. Systemet var meint å fungere på institusjonsnivå, men evalueringa av det (sjå Aagaard m.fl. 2014) avdekte at det i dag vert brukt på individnivå, og at det påverkar den enkelte forskaren og hans karriere. Klarer ein å snu dette, vil noko av presset på å publisere forsvinne. I evalueringa kjem det også fram at publiseringsmengda har auka, men ikkje kvaliteten på det som vert publisert (Aagaard m.fl. 2014). I dag kan yngre forskarar sjå på poeng i tellekantsystemet som det same som kvalitet. Det må ein endre på slik at ein får ein ny, meir ekte vurderingsskala. Ein må få slutt på system som diskriminerer norsk språk. Det er politikarane som sit med makta til å gjere vedtak som styrkjer norsk i høgare utdanning. Språkhistoria syner at dels upopulære vedtak har gjort mykje for norsk språk, særleg nynorsk. Nokre hevdar at det er slike vedtak ein treng også på dette området. *Mål og mening* og UHR sin språkpolitiske plattform vert fort berre snakk, ein treng lover og reglar med klagerett for at språkpolitikken skal bli sett ut i praksis og handheva.

Også i rapporten *Hvor parallelt?* vart det peika på behovet for å konkretisere omgrepet

parallellspråkbruk og kva som ligg i det. Nordisk ministerråd har no sett i gang arbeidet med nettopp dette, og det er døme på eit tiltak som vil kunne ha effekt. Prosjektet går ut på å kome med forslag til mønsterpraksis for parallellspråksbruk basert på eksempel frå nordiske institusjonar som blir vitja av den etablerte prosjektgruppa for å konkretisere parallellspråkspolitikk ved nordiske universitet. I tillegg vil prosjektgruppa foreslå indikatorar for måling av parallellspråkbruk i sektoren. Ein treng fleire slike tiltak, og dei må vere forankra hjå instansar som har makt og økonomiske midlar. Det vert spennande å sjå kva det kan resultere i.⁶ Eit anna prosjekt som kan ha positiv effekt, er prosjektet Parallellspråkbruk i universitets- og høgskulesektoren i regi av Språkrådet. Prosjektet har som formål å auke medvitet om og forståinga av omgrepet parallellspråkbruk og av korleis ein kan gjennomføre slik bruk for å sikre ein formålstenleg bruk av engelsk og norsk. Prosjektet er støtta av KUD og KD og vert sett ut i livet ved Norges Handelshøyskole. Det har tidlegare i rapporten vore nemnt at prosjektet kan vere ein mogleg samarbeidspartner for prosjektet denne rapporten omhandlar. Det er godt å sjå at KUD og KD kan samarbeide om eit slikt prosjekt, at fagfolk er inne i bildet og at prosjektet er så konkret. Ein bør følgje med på utviklinga i prosjektet, vonleg vil det kome noko godt ut av det.

⁶ Sjå nettsida for meir informasjon: <http://sprogkoordinationen.org/aktoerer/centrale-aktoerer/nordisk-gruppe-for-parallelsprogighed/>

11 Personar og organ som har uttalt seg

I arbeidet med dette prosjektet har sentrale personar innan høgare utdanning og forskning, særleg på språkfeltet, uttalt seg om språkpolitikk, utfordringar i academia og kva dei synest om artikkelsamlinga som tiltak. Det har vore fruktbart å høyre ulike personar sitt syn på stoda slik ho er i dag, på språkpolitikken, parallellspråklegheit og utfordringar og moglegheiter. Særleg nyttig har det vore å få meiningar om artikkelsamlinga som tiltak for å styrkje norsk forskingsspråk, og å få innspel på korleis ein gjere artikkelsamlinga best mogleg når utgangspunktet er at ho skal vere eit språktiltak. Under er personane lista opp. I tillegg til desse har andre medverka gjennom samtalar på gangen og e-postkorrespondanse, medan andre igjen har blitt lista opp som sentrale i det vidare arbeidet.

Person	Møtetidspunkt og -stad
Unn Røyeland, UiO	7. oktober kl. 12.00, Oslo
Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum	11. oktober kl. 19.00, Oslo
Kjell Lars Berge, UiO	16. oktober kl. 14.00, Oslo
Gjert Kristoffersen, UiB	23. oktober 09.30, Bergen
Marita Kristiansen, NHH	23. oktober 12.00, Bergen
Åse Wetås, Norsk Ordbok/Språkrådet	19. oktober 11.30, Oslo
Anders Johansen, UiB	18. november 19.00, Oslo

Eg har også vore i kontinuerleg kontakt med Beate Homlong, Ellen Skjold Kvåle og Janne Nygård i Det Norsk Samlaget.

12 Refleksjonar ved enda arbeid

No er ein komen til enden av denne rapporten og også til enden av arbeidet gjort så langt. Avslutningsvis kjem nokre refleksjonar kring prosjektet og arbeidet med det, og det vert stilt spørsmål om korleis framtida for samlinga ser ut.

Noko må gjerast for å betre situasjonen for norsk som fag- og forskingspråk. Det er brei semje om at måla i *Mål og meining* er gode, men spørsmålet er korleis ein skal klare å nå dei. Gjennom denne rapporten har ein sett at det er vanskeleg, og at ytre faktorar verkar inn på arbeidet. Rammene ein må jobbe under i akademia (t.d. tellekantsystemet og internasjonaliseringspress) påverkar kva ein prioriterer og får til. For å nå måla ein har sett seg, må ein investere i språk. Det vert i lita grad gjort, og ein vinn ikkje fram i den økonomiske dragkampen. Klarer ein å hanskast med dei strukturelle utfordringane, har ein kome langt. Ein står likevel att med utfordringa med å kome opp med konkrete tiltak som vil ha positiv effekt for norsk forskingspråk. Det er vanskeleg, men denne rapporten er eit godt steg på vegen.

At noko må gjerast, har altså vore klart heile vegen, men ein må ha realistiske tankar om kva ein kan klare å oppnå. Har ein det, ser ein at artikkelsamlingane er eit godt tiltak. Dei vil ha effekt, og mange fagpersonar støttar difor opp om dei. Samlingane er eit godt tiltak fordi dei er parallellspråkbruk i praksis, dei hjelper universiteta med å oppfylle samfunnsansvaret sitt, og dei gjev studentar tilgang til det norske fag- og forskingspråket. Artikkelsamlingane bør altså bli ein realitet. Økonomi er eit hinder her som i mange andre prosjekt, men sidan samlingane er eit så godt tiltak, er ikkje hinderet for stort. Det bør vere enkelt å overbevise politikarar og andre om nytta av dei og på den måten sikre midlar. Med midlar vil også den andre utfordringa, å få nokon til å ta ansvaret for samlinga, bli løyst. Dei som skal drive prosjektet må, i tillegg til å ha midlar, ønskje at ein skal nå måla ein har sett seg og ha ei tru på at artikkelsamlinga vil få ein dit. Det bør ikkje vere vanskeleg når det språkpolitiske måla er gode og artikkelsamlingane er eit godt tiltak for å nå dei.

Mål og mening i 2015

Utgangspunktet for denne rapporten er St.meld. 35 *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Sidan det er mange år sidan meldinga kom, og styresmakter kjem og går, kan ein stille spørsmål ved om det er relevant å vise til denne meldinga i dag, nesten eit tiår etter at ho vart vedteken. Eg har difor undersøkt det, men utan å kome til ein tydeleg konklusjon. Eg har både vendt meg til fagpersonar for å høyre kva inntrykk dei har av statusen i dag og sett kva styresmaktene sjølve hevdar.

Blant dei som har uttalt seg i dette prosjektet, er det ikkje semje om kva status *Mål og mening* har i dag. Meldinga er framleis gjeldande politikk, men når alt for få bryr seg om feltet ho tek føre seg, tek dei ikkje omsyn til innhaldet i ho. Mange meiner at lite har skjedd, og at ønska og tiltaka rann ut i sanden alt frå første dag. Dei meiner at dette har vore med på å svekkje meldinga. Dersom meldinga er gløymt, treng det ikkje vere av vond vilje. Når ein ikkje implementerer og legg inn ressursar på å nå måla i meldinga, så forsvinn meininga med ho. Ifølgje rapporten til Johansen (2012) forpliktar ikkje formuleringane i *Mål og mening*, og dersom dei ikkje gjorde det då ho kom, gjer dei det heller ikkje no. Likevel meiner fleire at meldinga held seg godt, og at det framleis er hald i å vise til ho. Det har ikkje kome noko ny språkmelding, og då er det berre *Mål og mening* ein har å vise til.

Styresmaktene sjølve sender blanda signal. Den tydlegaste utsegna som kan seie noko om deira syn på *Mål og mening* i dag, er henta frå ein interpellasjon på stortinget. I han får den dåverande kulturministeren Thorhild Widvey spørsmålet "Hvilken språkpolitikk vil den nye regjeringen føre, og på hvilken måte vil statsråden følge opp den gjeldende språkmeldingen?" Ho svarte følgjande:

Utover [eit utvida perspektiv på språkpolitikken] vil vi følge de hovedlinjene som ble skissert i språkmeldingen, med det forbehold som ligger i de reservasjoner regjeringspartiene og til dels samarbeidspartiene tok under stortingsbehandlingen. Det ligger også enkelte korreksjoner og signaler i regjeringsplattformen. Jeg vil heller ikke føle meg forpliktet til å ta opp igjen hvert enkelt av de mange tiltakspunktene som den forrige regjeringen har unnlatt å følge opp. (Stortinget 2014)

Kulturministeren hevda at den sitjande regjeringa vil følgje hovudlinene i *Mål og mening*, men med reservasjonar og korreksjonar. Kva det inneber i praksis, er uvisst. Ministeren sa også at ein del av tiltaka ikkje vil bli realiserte, men her peika ho attende på at den førre regjeringa ikkje følgde opp desse. Ser ein på statsbudsjettet for 2016, vert ein ikkje klokare. Kulturdepartementet seier at det på årets budsjett ikkje ligg føre forslag om ei ny utlysing av midlar til språktiltak. Det kan tyde på at ein står overfor ei formell avvikling av *Mål og mening*, men det er truleg å dra det for langt.

Ei slik avvikling er problematisk når stortingsmeldinga ikkje har blitt erstatta av noko anna. Mykje tyder på at det skal kome ei språklov våren 2017. Kva ho vil ha å seie for det språkpolitiske bildet og for kva dokument ein viser til i diskusjonen kring språkspørsmål i framtida, vert spennande å sjå.

Litteraturliste

Aagaard, Kaare m.fl. (2014). *Evaluering af den norske publiceringsindikator*

http://www.uhr.no/documents/Evaluering_af_den_norske_publiceringsindikator.pdf

Bjørhusdal, Eli (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885-2005*. Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Oslo.

Daidsen-Nielsen, Niels (2008). *Parallelsproglighed - begrebets oprindelse*

http://cip.ku.dk/om_parallelsproglighed/oversigtsartikler_om_parallelsproglighed/parallelsproglighed_begrebets_oprindelse/ [Nedlasta 17. september 2015]

Johansen, Anders (2012). *Språkrådets skrifter nr. 2*. Språkmeldingen som handlingsplan: Retorikk og resultater http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kr%C3%A5dets%20skrifter/Spr%C3%A5kmeldingen%20som%20handlingsplan_Retorikk%20og%20resultater.pdf [Nedlasta 23. september 2015]

Kultur- og kirke departementet (2009). *Stortinget sluttar seg til hovudtiltaka i språkmeldinga*

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/stortinget-sluttar-seg-til-hovudtiltaka-/id557895/> [Nedlasta 2. november 2015]

Kulturdepartementet (2015). *Språk og litteratur*. <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/sprak-og-litteratur/id86990/> [Nedlasta 12. november 2015]

Kunnskapsdepartementet (2015). *Tilstandsrapport: Høyere utdanning 2015*.

https://www.regjeringen.no/contentassets/1a81fe62f566483295c41a0b9d789010/tilstandsrapport2015_medforside.pdf [Nedlasta 17. november 2015]

Gjerpe, Kristin (2012). Hvor norsk er en nasjonal forskningskultur – og kan den skrives på engelsk? I: *Prosa 2/2012*. <http://prosa.no/intervju/hvor-norsk-er-en-nasjonal-forskningskultur-og-kan-den-skrives-pa-engelsk/>

Grepstad, Ottar (2015). *Språkfakta 2015*. Kapittel 10: Høgare utdanning og forskning

http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/10__hogare_utdanning_og_forsking/ [Nedlasta 5. oktober 2015]

Gregerson, Frans (red.) (2014). *Hvor parallelt? Om parallellspråkighet på Nordens universitet*.
<http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:730884/FULLTEXT01.pdf> [Nedlasta 17. september 2015]

Lovdata (2015). *Lov om universiteter og høyskoler*.
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15/KAPITTEL_1-5#§5-3 [Nedlasta 30. september 2015]

NFF (2015). *Kontrakter og avtaler for faglitterære oversettere*.
<http://www.nffo.no/Kontrakter/Normalkontrakt-oversettere/default.aspx> [Nedlasta 26. september 2015]

Nynorskordboka 2015. Fagspråk. http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=fagspr%C3%A5k&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge [Nedlasta 30. november 2015]

Språkrådet (2012). *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*.
<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf>
[Nedlasta 20. september 2015]

Språkrådet (2015). *Om oss*. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/> [Nedlasta 16. november 2015]

Stortinget (2014). *Sak nr. 11*. <https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2013-2014/140225/11/>

Stortingsmelding 35 (2008). *Mål og mening: Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?docId=STM200720080035000DDDEPIS&ch=1&q=> [Nedlasta 16. september 2015]

Thøgersen, Jacob (2010). "Parallelsproglighed" i teori og praksis I: *Nyt fra Sprognet*, Vol. 2010, Nr. 4, 2010, <http://www.dsn.dk/nyt/nyt-fra-sprognaevnet/2010-4.pdf> [Nedlasta 17. september 2015]

UHR (2015). *Språkpolitisk plattform*. Universitets- og høskolerådet.

http://www.uhr.no/ressurser/temasider/sprakpolitisk_plattform [Nedlasta 30.september 2015]

Om Jorunn Simonsen Thingnes

Jorunn Simonsen Thingnes er master i nordisk språkvitskap frå Universitet i Oslo. I oppgåva *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar* har ho undersøkt korleis språkforvaltninga ved Universitetet i Oslo fungerer i praksis, og kva språkhaldningar og språkideologiar som spelar inn i forvaltninga av nynorsk. Ho kjenner utfordringane ein står overfor i universitets- og høgskulesektoren, men ho har også sett kva tiltak ein kan setje i verk for å betre språkforvaltninga. Thingnes har elles bakgrunn frå Norsk Målungdom. Ho har vore sentralstyremedlem i organisasjonen, bladstyrar for medlemsbladet Motmæle og nestleiar og leiar i Studentmållaget i Oslo. Vinteren 2015 er ho vikarierende rådgjevar i Språkrådet.